



KYRKJELDSEBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 4

Jula 2016

48 . årgang

*God jul*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVEVJERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag




**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



**TRUSOPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: ellen.rudi@oystre-slidre.kommune.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12  
952 74 090

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Astrid Tollehaug, leiar  
tlf. 906 59 921  
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Ole Bergene, leiar  
tlf. 950 89 360  
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

**Ny heimeside, kyrkja i Etnedal:**  
[www.kyrkja.no/etnedal](http://www.kyrkja.no/etnedal)

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Faste medarb.: Ingun Kompen og  
Tone Steinset

## Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal  
E-mail: soknepresten@etnedal.kyrkja.no

## Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Ledestjerne



Vi roper i denne natten :  
Gi oss en vei å gå.  
Gi oss ennå en stjerne  
å feste øynene på.

Gi oss ennå et hjerte,  
ikke av vest eller øst,  
gi oss et hjerte som favner  
all verden – og grenseløst.

Gi oss ennå å gråte  
over vårt mørke sted.  
Gi oss igjen å høre :  
Fred over jorden. Fred!

Gi oss ennå å bryte  
opp som de vise menn.  
Gi oss i natt en stjerne,  
og gi oss å følge den.

Einar Skjæraasen

## Ekstra stort julenummer

### Av innhaldet:

- |       |                                  |       |                                 |
|-------|----------------------------------|-------|---------------------------------|
| s. 4  | Juleandakt                       | s. 24 | KOMMUNE-INFO                    |
| s. 6  | Julehelsing frå biskopen         | s. 34 | Anna – snart ikkje på kaféen    |
| s. 8  | Julehelsing frå sokneråda        | s. 35 | Helsing frå ein 70årskonfirmant |
| s.10  | Eit møte med Rolf Tidemandsen    | s. 35 | Kyrkjeguide i særklasse         |
| s. 16 | Frå jubiléet i N. Etnedal kyrkje | s. 40 | Dobbelt feiring i Nord-Etnedal  |
| s. 20 | Om juleplanter                   | s. 47 | Gudstenesteliste                |

Faste spalter mm.

# JULEEVANGELIET



I dei dagane let keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då for alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørte til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der saman med Maria, som han var trulova med. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk Son sin, den førstefødte; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det fanst ikkje husrom nokon stad. Det var nokre gjetarar der i området

som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt sto ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn : De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe. Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen ; dei lova Gud og song:"Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i!"

*Lukas 2, 1-14*

# Godt nytt på avispapir

Av Asbjørn Kvalbein, webpastoren Norea Mediemisjon  
Bibelttekst: Lukas 2:1-14

En hjemløs tumlet om i verdensbyen Chicago. De få vennene han hadde, var ikke særlig snille, men ga ham en narrejulepresang, innpakket i avispapir. Før den hjemløse fikk pakket opp ferdig, ble han slukt av en overskrift i avisen. Så ropte han høyt: – Men her står det jo alt sammen ... at det er oppklart nå. Nå vet hele Ohio at det ikke er jeg som gjorde det! ... Folk hadde mistenkt den forknytte mannen for å ha stått bak en forferdelig historie, og han hadde vært livredd. Plutselig var han blitt fri fra angsten og anklagene.

Gud hadde valgt det innpakkingspapiret, skrev Bertolt Brecht i denne fortellingen. Narrepresangen brakte et budskap som satte en mann i frihet.

Overalt i verden fins det mennesker som er stygge mot hverandre. Men så griper Gud inn på sine merkelige måter. Han kommer med et innpakkingspapir som du ikke synes har noen verdi, men som inneholder virkelig godt nytt.

Guds Sønn ble født i de laveste forhold, og aller først åpenbart blant de mest foraktede og utstøtte, gjeterne på nattevakt. Kunne det være noe ekstra ved det lille barnet? Jesus vokste opp i en utkant. Som frelser døde han på et romersk kors. Alt var som verdiløst avispapir. Men han viste seg som seierherre over døden og etterlot seg en tom grav.

Gjennom alt forkynner Jesus: Jeg er glad i deg. Jeg har elsket deg med en kjærlighet helt fra evige tider. Ta budskapet inn over deg, så er du fri fra alle anklagene, enten de kommer fra deg selv eller fra andre. Gud har grepet inn og skrevet en erklæring om frikjenning på det enkleste papir.

Gleden er for alt folket (Luk 2,10). Gleden er at Gud elsker oss i og med det lille mennesket i krybben, han som en gang skal oppleve at hvert kne skal bøye seg for ham.



## Det kimer nå til julefest

Det kimer nå til julefest,  
det kimer for den høye gjest,  
som steg til lave hytter ned  
med nyårgaver: Fryd og fred.

Å kom, bli med til Davids by  
hvor engler synger under sky!  
Å la oss gå på marken ut  
hvor hyrder hører nytt fra Gud!

Hvor David gikk i unge år  
som salvet drott og vokter får,  
der åpenbarer Herren nå  
hva David kun i ånden så.

Hva dunkelt fra hans harpe klang,  
forklares nå i englesang.  
Ved nattetid, i hyrdelag,  
forkynner engler Herrens dag.

I Betlehem er Kristus født,  
som frelser oss fra synd og død.  
Nå kom den store løvsals-fest!  
Nå ble vår Herre hyttens gjest.

Så la oss gå med åpne sinn  
som hyrdene til barnet inn,  
med glede står takke Gud  
for miskunnhet og nådebud.

Kom Jesus! Vær vår hyttes gjest!  
Hold selv i oss din julefest!  
Da skal med Davidsharpens klang  
Deg takke høyt vår nyårs-sang

*N.F.S Grundtvig*

## Julen 2016

Det var sent da Maria og Josef ankom den lille byen Betlehem. De slitne føttene fikk endelig hvilt seg da de fant husrom i den enkle stallen. De hadde reist langt - ja, nesten hele 150 km til fots. Den unge Maria var gravid, og kanskje var det ikke helt enkelt å hankses med et esel heller. Men da stjernen kom opp på himmelhvelvingen og tonene fra englesangen hørtes ble nok utslittheten fylt av glede over det lille barnet som ble født. Da Maria og Josef la i vei for å la seg innskrive i manntall, visste de ikke at de satte i gang en bevegelse som spredte seg fra denne lille byen og ut til alle verdens hjørner. En bevegelse som også nådde oss her i nord. Denne bevegelsen fortsetter å berøre, utfordre og avdekke. Det er en bevegelse fylt av budskapet om barmhjertighet og nestekjærlighet som kaller oss til å formidle dette i ord og handling.

Mange av dem som har utsmykket kirkene rundt om i verden er også tydelig berørt av fortellingen om den lille hellige familie. Øverst på mange altertavler finner vi engler; og det er derfor treffende at det er fra alteret at nettopp ordene «Ære være Gud i det høyeste» lyder i våre gudstjenester. Dette er med på å understreke lyset og stemmen fra evigheters evighet, og slik holde fast på at evangeliet alltid er større enn det vi fatter dybden av. Dette er det godt å ha med seg inn i høytiden og inn i det nye året.

Nederst i en krybbe i en stall er det lille Jesusbarnet: Guds kjærlighet. Englene synger fortsatt: "Frykt ikke"! De vet at vi trenger det mer enn noen gang.

Velsignet julehøytid og godt år 2017!

*Solveig Fiske*  
Biskop



I en natt så klar og kald, av en ung og tapper mor,  
i en krybbe, i en stall fødtes håpet til vår jord.  
Så umerkelig, så stille, byens gater helt forlatt.  
Ingen opptog for den lille, lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue, skremtes opp av lys og lyd.  
Himlen sto i veldig lue, engler sang om fred med fryd:  
Ikke frykt, vær ikke redde, Gud er kommet til vår jord.  
Nå i natt var det det skjedde. Gå til barnet og hans mor.

I det stille, til de små, bringer Jesus håp og fred.  
Og han kommer, da som nå, fra sin himmel til oss ned.  
Julenatt med lys og glede minner oss om Gud som kom.  
Evig er han her til stede. Nå står grav og krybbe tom.

*Bjørn Eidsvåg*

## «Mi salme»

Jeg vil først få takke Hanne Byfuglien for utfordringen. Det nærmer seg jul og det er derfor naturlig for meg å velge den vakreste julesalmen jeg kjenner «En stjerne skinner i natt». Som barn var det nok melodien som gjorde den så utrolig vakker, men som voksen har også teksten fått en stor betydning. Mitt i den mørkeste tiden lyser stjernen opp som et symbol på håp og fred. Jeg fylles av varme hver gang jeg hører denne julesalmen, og spesielt hvis det er barn som synger. Jeg vil tilslutt ønske alle en fredfull førjulstid. Ta vare på de gode stundene, og ta vare på hverandre. Jeg vil sende utfordringen videre til min gode og kjære venninne Gunhild Bergene.

### *En stjerne skinner i natt*

*Nå er den hellige time  
vi står i stjerneskin  
og hører klokkene kime  
nå ringes julen inn*

*Englene synger høyt i kor  
synger om fred på vår jord  
verden var aldri helt forlatt  
en stjerne skinner i natt*

*En nyfødt kjærlighet sover  
nå er guds himmel nær  
vår lange vandring er over  
stjernen har stanset her*

*Englene synger høyt i kor  
synger om fred på vår jord  
verden var aldri helt forlatt  
en stjerne skinner i natt*

*Se himmlen ligger og hviler  
på jordens gule strå  
vi står rundt krybben og smiler  
for vi er fremme nå*

*Her kan vi drømme om den fred  
som vi skal eie en gang.  
For dette barn har himlen med  
og jorden fylles med sang*



Live Lyckander Espelien har valgt salme



## Kjære etnedøler

Vel eitt år er gått sidan nytt sokneråd starta å jobbe. No er vi komne inn i arbeidet, og opplever at det er mangfaldig og interessant.

Gleda er stor for at Marit Prest er frisk og i arbeid att. Ho var sakna den fyrste tida vi fungerte.

Vi takkar for godt samarbeid med Nord-Etnedal sokneråd, og gratulerer med flott feiring av 150-årsjubileet.

Stor takk vil vi rette til alle som arbeider i og for kyrkja. Dei tilsette gjer ein stor jobb med alt som krev deira kompetanse på ulike område; på kontoret, i utestaben, med gudstenestearbeid, trusopplæring, diakoni, med musikk og økonomi med meir.

Takkast skal også alle som friviljug arbeider i kyrkja si ånd, meir og mindre synleg. Mange gjer mykje i dei ulike utvala, andre brukar tid som kyrkjeguidar, og mange er kyrkjevertar eller ordnar med kyrkjekaffe gjennom året. Kor og korps stiller opp og Kyrkjevar den skal fyllast med stoff. Alt er viktig for å ha ei levande kyrkje i bygda.

Alle skal vita at dei er velkomne, enten det er til kyrkjelege handlingar eller ei hjelpande hand på eitt eller anna område. Alle er like viktige for å få alt til å fungere, synleg og usynleg.

Takk for samarbeidet gjennom året.

Ei god og fredeleg jul ynskjer vi alle. Godt nytt år der alle er velkomne til kyrkjene våre.

Helsing Bruflat sokneråd  
ved leiar Kjell J. Fjeld.  
Bruflat sokneråd



Frå venstre : Ole Bergene, Ingun Kompen, sokneprest Marit Slettum, Tutta Solberg, Liv Marit Roen Sveen, Torun Fredriksen og Kjell J. Fjeld.

## Kjære sambygdingar

Julehelsinga i jubileumsåret må bli ein stor takk!

Takk for det flotte måleriet som vi fekk av Jan Berntzen, takk for jubileumslåtten Vegard Thon og takk for fin opplesing av prolog Vegard Lie, takk for song og gode ord, takk til Etnedal kommune for pengegåva, takk for pengar til nye blomsterurner, takk til fotograf Hallgeir Ruud og takk for all hjelp.

Takk til alle som bidrog på ein eller annan måte. Alt dette førte til ei vellukka 150 årsmarkering av kyrkja vår. Nord Etnedal sokneråd er glade og stolte av alle bidrag som vi fekk, det varmar.

No står jula for døra, og tid for julehelsing. Det gjer vi med ei gamal og kjær julesalme:

*Eg er så glad kvar julekveld,  
for då vart Jesus fødd.  
Då lyste stjerna som ei sol,  
og englar song så søtt.*

*Ho mor ho kveikjer alle ljøs,  
dei skin i kvar ei krå,  
for heile verda, seier ho,  
skal julestjerna sjå.*

Vi ynskjer velkomne til kyrkja både i jula og ellers. Nytt i år er klokkeslettet for julekveldsgudstenesta, den er kl 13.30!

Nord Etnedal  
sokneråd  
Astrid Tollehaug



Frå høgre, Aud Norunn Hagaseth Lie, Anne Marie Solbrekken, Klara Thon Månnum, Steinar Stenseth, Astrid Tollehaug og sokneprest Marit Slettum



# JULEOPPGÅVE

Slå opp i Bibelen og løys oppgåva saman



Du finner svarene i begynnelsen av Matteusevangeliet og Lukasevangeliet.

1. Han har fødselsdag i jula .....
2. Han viste vei for Jesus .....
3. Han var keiser .....
4. Hvor står juleevangeliet? .....
5. Han var den jordiske faren til Jesus .....
6. Her ble Jesus født .....
7. Han var konge og ville drepe Jesus .....
8. Her ble Jesus lagt da han ble født .....
9. Maria og Josef var ikke gift. Hva var de? .....
10. Hvem gav det første budskapet om at Jesus var født? .....
11. .... og de ga dette budskapet til .....
12. Til dette landet måtte de flykte for kong Herodes .....
13. Hun var profet i tempelet .....
14. Det kom noen menn med gaver til Jesus, gull, røkelse og .....
15. Hva slags menn var det? .....
16. I denne byen vokste Jesus opp .....

Løysing s. 46

# Rolf på Sentralen

## Samfunnsengasjert snart-nittiåring med krystallklar erindring.

Gångelaget er ikkje det beste lenger, men det er ikkje lenge sidan han sykla og gjekk lange strekningar, både etter vegen og i skoglendt terreng. Om hausten hadde Rolf Tidemandsen mange timar i bærskogen. I år vart bærplukka avgrensa til villbring ved yttergrensene på tomta, men dei edle bæra er ikkje oppete. Dei inngår i førebuingane til feiringa av 90årsdagen utpå nyåret, for Rolf likar god struktur og planlegging, og når planen er der, blir den som regel gjennomført. Samstundes skal «Estlandsprosjektet» feirast, det humanitære arbeidet som han har vore engasjert i meir enn 25 år, og som han sjølv seier har gjeve ei djupare mening til livet hans. Det er forresten ikkje lenge sidan han var i Estland heller. Der har han vore meir enn hundre gongar, vi kjem attende til dette forunderlege kapitlet i Rolf sitt liv.

Rolf går enno sine rundar på Bruflat, han er opptaken tå å kome seg ut i friluft og treine litt for helsa si skuld. Han tek også gjerne ein og annan turen til Dokka, Gjøvik eller Oslo, når han har særskilte ærend der, mellom anna brukar han skomakar på Gjøvik, betrur han oss. Gjøvik er forøvrig heimbyen til mor hans Sigrid Mathilde, så dit reiste dei naturleg nok av og til, sjølv om kommunikasjonen var annleis då Rolf var barn og ungdom. Mellom anna kan han hugse at han fekk is då han og broren som smågutar var på Gjøvik. Den tida var det ikkje slikt å få kjøpt i Etnedal.



*Rolf utanfor heimen sin*



*Rolf Tidemandsen*

### Uredd meiningsytrar

Alle som kjenner Rolf veit at han er prinsippfast, og han er ikkje redd for å ytre meinigane sine korkje i samtaler, forsamlingar eller i media. Han kan vel nesten reknast som fast skribent, særleg i avisa Valdres, og av og til i Oppland Arbeiderblad. Nokon kan vel synest at det av og til blir vel krasst det han skriv, men røysta er heller mild når han seier at for han er skrivinga særst meiningfull, samfunnsengasjert som han er, og han legg til ; dessutan er det god terapi for ein som sit mykje åleine. – Det er viktig å ha noko å vere engasjert i, seier Rolf, då gløymer ein seg sjølv litt. Så vidt han veit er han den einaste som med redaksjonell godkjenning leverar innlegga sine på fax enno, skrive med god, gamaldags skrivemaskin.

### Faste rutiner på Sentralen

Rolf står tidleg opp, har faste måltid og dagleg siesta om æftan. Då blir døra og telefonen stengt, slik sikrar han seg fred og ro. Det heng kanskje litt att frå den tida telefonsentralen var døgnopen. Mor hans dreiv sentralen på Bruflat, - ja eg vart vel praktisk tala fødd på sentralbordet, seier Rolf. Den gamle stogo var 3x3 meter, og sentralen var halvparten.

Der budde familien på fire, far og mor Ivar og Sigrid, Leif og Rolf.

Leif, eldstebroren flytta ut av dalen i sin ungdom. Rolf vart buande i Etnedal, og han var ikkje store guten då han tok til å betjene sentralbordet. Aldersgrensa var visstnok 18 år, men på Bruflat var det ved-

varande «dispensasjon» frå han var åtte, og sidan vart det arbeidsplassen hans heilt til Bruflat sentral vart lagd ned i 1981. Då hadde han, meir eller mindre vore fast på Sentralen i 45 år, og var ganske nedkøyr, så det vart førtidspensjon i staden for flytting til anna arbeid i Televerket.

Mellom anna jobba han meir enn tjuufem julekveldar på Sentralen. Det vart rett nok fleire som delte på telefonvaktene etterkvart, men dei fleste hadde familie, så Rolf syntest det var rett og rimeleg at dei fekk vere heime hos familien den kvelden.

Det tok lang tid å bygge seg opp att etter mykje døgnkontinuerleg arbeid, seier Rolf, som kan fortelje om interessante år ved sentralbordet, før dei automatiske sentralane og mobilnettet kom. Det var sjølvsagt mange trivelege samtaler og kontakter, og det vart forventa at sentralen kunne gi opplysning om det meste. Rolf kan hugse alt frå spørsmål om bussen til forventa informasjon om kremaren hadde fått fersk sild ... I krisesituasjonar trødde dei til, om det gjaldt sjukdom eller brann eller andre presserande ting. Dei hadde oversikt over det meste, lege og sjukebil, dyrlege og lensmann, og sikkert presten òg. Ein gong det var særleg kritisk med ein pasient, ringte Rolf sørover til 12-15 butikkeigarar og sørga for at vegen var «rydda» slik at dei kunne nå fram til sjukehuset på Hov i tide.

### Stort samfunnsengasjement

Ved sidan av arbeidet på Sentralen, hadde Rolf eit stort engasjement i heimbygda si.

Han sat i kommunestyret to perioder på 1960-talet, som representant for Venstre. Det var krevjande tider for politikarane i Etnedal, mellom anna med skulesentralisering, stort nord-sør-engasjement med løpande debattar om plassering av ulike samfunnsbygg, og diverse vegprosjekt. Rolf var dessutan med i byggekomiteen både då kommuneadministrasjonen vart flytta frå Robøle til nybygg på Bruflat og for fyrste Etnedalsheimen som vart bygd.

Framleis fylgjer Rolf godt med i alt som skjer, både i Etnedal, heile Valdres, nasjonalt og internasjonalt,

og han erindrar både store historiske linjer og ein-skiltsaker betre enn dei fleste. Han får med seg daglege oppdateringar i aviser, radio og TV, sjølv om han har sterkt nedsatt syn. Berre 10% på eine auget, litt over 50 % på andre, men du veit, det kompenserar noko, seier Rolf.

### Stor utvikling

Rolf Tidemandsen har vore vitne til ei formidabel utvikling i si levetid, både lokalt, nasjonalt og i verda for øvrig. Om vi held oss til det lokale og nære og synlege; I hans barndom var det tjukk skog på Bruflat og få hus samanlikna med i dag.

Eit ungdomshus, som eigentleg var meint som bedehus, vart etterkvart bygd ved gamle smia, og seinare har han sett bygginga av kommunehusa, banken, pensjonat, Etnedalsheimen, menighetshus, butikkar, næringsbygg og privatbustadar..

### Gutteklubben «Grei»

Gutteklubben «Grei», som var initiert av magasinet Norsk Ukeblad, vart starta på Bruflat i 1939. Dei var 6-7 medlemmer, og Rolf vart valt til leiar. Han var då 12 år gamal og det vart starten på eit stort organisasjons- og lagsengasjement. I likheit med dei fleste andre lag og foreiningar vart gutteklubben «Grei»



Faksimale frå Oppland arbeiderblad – gåve til musikklaget

forbode etter okkupasjonen i april dagane 1940. ( Meir om gutteklubben i Rolf sine egne «krigsminne» )

Når det gjeld krigsminne, har Rolf svært mange. I samband med frigjeringsmarkeringa i Etnedal 2015, hadde Rolf eit svært interessant foredrag på kommunen og historielaget sitt arrangement på Menighetshuset 8. mai. Deler av dette foredraget ( om frigjeringsdagane) kan de finne i denne Kyrkjevarden. Heile foredraget er tilgjengeleg på biblioteket.

### Organisasjons- og lagsarbeid

Leiarvervet i «Grei» var fyrste tilstverserret Rolf hadde, sidan er det blitt mange. Rolf har vore med i idrettslag, skilag og ungdomslag, og sang- og musikkinteressa vart tidleg vekt. Han var med i Bruflat musikklag i meir enn femti år, fyrst som trommeslagar og så som faneberar. Janitsjarmusikk er stort for Rolf.

Han kan aldri gløyme då han og Simen Rust var i New York i august 1970, tilstades på ein korpskonsert i Central Park. Der spelte dei melodiar frå ulike verdsdelar, og då turen var komen til Europa høyrer dei «Valdresmarsjen». Det var ei stor oppleving for ein heimekjær valdris, men det er framleis stort å fylgje muskarvenene i Bruflat musikklag. På konsertar er Rolf ofte å finne på fyrste rad, og fana dei har, kjøpte Rolf til laget då han overlot faneberinga til yngre krefter på 1990-talet. Den er utforma etter hans eigen idé.

Rolf er også ein glad sngar. I bassrekka i Bruflat sangkor sto han i 42 år, og talar varmt om korfelleskapet, der han også var leiar i ti år. Seinare var han ein drivande kraft i «Gruppa hass Paul» som gleda mange både i Etnedal og bygdene ikring, med sin friske, glade sang, akkompagnert av to trekkspill og ein citer.

### «Skogtuns far»

Då skulesentraliseringa kom, fekk Bruflat krins tilbod om å kjøpe Skogtun til grendehus. Eigentleg var Rolf imot heile kjøpet, for han såg kva slags forfatning huset var i, men mot hans stemme vart Skogtun kjøpt, og kven andre enn Rolf vart leiar i husstyret? Saman med ein del andre, bretta han opp



*Faksimale frå OA, Skogtuns far*

ermene og gjekk i gang med restaureringsarbeidet. Ikkje så reint få dugnadstimer timar hadde han på Skogtun, med arbeid av ymse slag. Det vart gjort veldig mykje, og huset vart take i bruk til glede for heile Bruflatkrinsen. Og folket visste å verdsette den enorme innsatsen Rolf hadde gjort. På Skogtun heng eit stort bilde av Rolf, og under står det skreve ; «Skogtuns far.»

Rolf kan fortelje om dei fyrste juletreffane dei hadde. I 1965 var dei 120 vaksne og 86 barn, og alle fekk sine rundar rundt juletreet, og alle fekk mat...

For sitt store engasjement for Etnedal, fekk Rolf Tidemandsen også Etnedal kommunes kulturpris i 1996.

### Kyrkjeleg engasjement

Rolf har heile livet hatt eit nært forhold til kyrkja, og vore ein trufast kyrkjegjengar.

I tretten år hadde han også eit uløna tillitsverv som kyrkjevevjerje i Bruflat. Han oppdaga då at det ikkje var heilt samsvar mellom kart og kyrkjegardsprotokoll på den hundre år gamle kyrkjegarden. I to heile somrar arbeidde han med å samanlikne og oppdatere.

-Det var som ein labyrinth, seier Rolf, men han fekk retta opp mange feil og laga eit eige kartotek for kyrkjegarden.

### **Kristentru**

Når vi kjem inn på den kristne trua, seier han ; hovedpersonen for meg er Jesus, Rolf er klar på det. Trua har han hatt med seg sidan barndommen, og Jesus er haldepunktet.

Dette med Gud, den allmechtige og Den hellige Ande, er meir fjernt for meg, men det går eg ikkje og grublar på.

Eg har imidlertid ofte spurt meg sjølv ; kvifor skreiv ikkje Jesus noko sjøl, han som er fullkommen? Kvifor etterlet han seg ikkje egne skrifter?

Hittil har ingen kunne gjeve Rolf eit godt svar på det. -Men vegen ser eg, seier han, har ikkje Jesus sagt : «Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg?»

Og så er nestekjærleiken sentral hos Jesus.

### **Estlandkontakt og humanitært arbeid**

Rolf fortel om dei uventa og forunderlege samantreffa, som førte til hans store engasjement for menneske i Estland, eit humanitært arbeid som har gjeve han så mykje att.

Det starta med eit brev. Brevskrivaren Mart, hadde vore utvekslingsstudent eitt år på Lundheim folkehøgskule, takka vere Kr.f – laget i Vennesla, som sponsa opphaldet og Bondelaget før det, som inviterte fleire estiske ungdomar til Noreg.

Då han kom heim ville Mart gjerne halde det norske språket ved like, og av ein lærar på Lundheim hadde han fått adressa til Rolf.

Det vart starten på ein nær og god kontakt med ein heil familie i Estland. Familiebilda derifrå er sentralt plassert i stova hans Rolf, saman med bilde av eigen norsk familie.

Gjennom brev og telefonkontakt vart Mart og Rolf etterkvart godt kjende, og Rolf forstod at Mart kom frå veldig fattige kår. Han hadde arbeid, men inga stad å bu, så han overnatta hos kameratar. Ein dag fortalde han at han hadde sett ei rimeleg hybelleilighet, men måtte slå frå seg å kjøpe, det var for dyrt.

Då sende Rolf pengar, så Mart kunne kjøpe leiligheta, og ved gode kameratar si hjelp vart ho pussa opp. Rolf fekk invitasjon til å kome på besøk den sommaren, han reiste østover til Estland, og det vart ein tur som gjorde uutsletteleg inntrykk. Rolf ville også besøke barndomsheimen til Mart, som synt seg å vere eit nedlagt småbruk langt ute i audemarka.

Titlegare generasjonar hadde levd godt på bruket inntil landet vart okkupert av Sovjetunionen. Tyrannisering og underkuing var kvardagsleg i den tida, og jordveg og buskap vart konfiskert, berre ei ku fekk dei behalde.

Dit kom Rolf til eit trekkfullt, gamalt hus, som hadde hatt jordgolv heilt til Mart hadde fått lagt tregulv året før. Dei mangla alt av materielle gode, men samholdet og humøret hadde dei framleis. Mor til Mart var eit strålande menneske. I huset budde også syster til Mart som var åleinemor til ei jente på seks år. Berit, heitte ho, oppkalt etter Berit Aunli ...

Rolf spurte om det var noko ho ynskte seg, og han gløymer aldri svaret han fekk den varme sommardagen ; «eg ynskjer meg ullteppe til senga mi...»

Den neste vinteren fraus korkje Berit eller dei andre. Rolf reiste heim og sette igong innsamling av ulltepper, utstyr og klede. I store kollen vart dei sende til Mart, og det var så mykje meir enn det familien hadde bruk for, så det vart fordelt til andre i barneheimar og barnehagar. Dei neste 5-6 åra vart rundt 50 store kollen sendt frå «hjelpestasjonen» på sentralen til Estland, og utgiftene vart dekkja av Rolf sin private konto.

Gjennom åra har Rolf hatt gleden av å hjelpe familien på mange måtar.

Han har skaffa familien fire leiligheter i landsbyen, og han har finansiert sjukehusbehandling for fleire av dei.

Ein av barnehagane hjelpetenesta har hatt kontakt med, fekk eit år huset isolert med Glava, nokon år seinare fekk dei varmt vatn, og Rolf såg også kor trafikkfarleg barnehagen låg til, så gjerde måtte byggast. Han gjekk til ordføraren og lanserte fylgjande forslag ; De betalar 50% for gjerdet, så betalar eg dei andre 50%. Det gjekk ikkje lenge før gjerdet var bygt.

Det har gått ut betydelege summar, men Rolf er klar på at han har fått så uendeleg mykje meir att. Med

glimt i auge fortel han om børsaktiviteten sin ; blir det overskot så går det til Estland, underskotet dekkar eg sjølv.

Eit par gongar i veka har Rolf telefonisk kontakt med Estland, Mart har vore på besøk mange gongar, og ein gong kom dei alle. Kvar gong vaier det estiske flagget saman med det norske -ved døra på Sentralen.

Elles har dei ny gutteklubb i Bruflatkroken. Kvar månad samlast dei 5-6 karar heime hos kvarandre til

ein skikkeleg pratestund. Det blir løyst mange verdsproblem der, smilar Rolf, som set stor pris både på «klubben» og andre sosiale arenaer.

Men julekvelden skal Rolf feire åleine, slik han så ofte har gjort før.

Juletreet er uansett blinka ut, klar til å bli henta inn i den trivelege stova.

Marit prest

## Rolf Tidemandens minner fra frigjøringsstida 1945

Vinteren går over i vår, i dobbel forstand. Meldingene fra London ble lysere og lysere. Noe stort holdt på å skje. Og allerede på ettermiddagen den 7. mai, tidlig om ettermiddagen, møttes en sju-åtte stykker av oss i snekkerrommet i smia hos smed Nyhagen. Radioen stod på for fullt. Da var vi modige, nesten helt trygge. Og det var en som hadde ei kvartflaske med konjakk som gikk rundt, og aldri har vel så mange blitt beruset av så lite. Men det var altså ikke alkorus, det var gledesrus. Gledesrus var det! Og en gutt hadde gjemt en revolver i alle år, og nå klødde han i fingrene etter å få bruke den. Og den ble brukt i løpet av kvelden – men hvor hen, det får ingen vite.

Det ble en rekke folketog den våren, pluss det ordinære 17. mai toget. Det var sang og musikk, og faner og flagg. Folk hadde funnet frem dynamitten sin, og det var saluttering fra Bruflat til Robøle, som var samlingsstaden den gangen. Det var mønstring av hjemmestyrkene, HS. De stilte i sivilt uten distinksjoner eller uniformer. Det var ca. 120 mann i Etnedal som stilte i sivil genser og nikkere. Alle hadde gevær og armbind.

Han Terje Rollem, som overtok Akershus festning fra kommandant Nichterlain, han stilte også i sportsantrekk og sælbuhosor.

Grinifangene kom hjem, og ble behørig feiret. På Grini var det midt i alvoret en del galgenhumor. Der

diktet de viser om nazistene og tyskerne. Siste verset til Grinisangen, det lyder jo slik:

«Ute der går de på kino, der får de tross alt lattermusklene litt på gli.  
Av Juster og Diesen og slikt, men de har ikke sett Konze på ski  
Det har vi!  
Det har vi!  
Det har de ikke der ute,  
Nei, det må være utrivelig,  
der ute i det fri!»

Ja, det går an å være ironisk. Han Konze som de synger om, han var altså leirkommandant. Det var han som ila straff til fangene hvis de hadde gjort noe galt, og hadde de ikke gjort noe galt så ble de straffet likevel. Det var han, og han var mektig upopulær. Men det største ønsket hans, det var å lære å gå på ski. Det prøvde han, men det greide han aldri. Fangene så på, klappet og ropte hurra til den fiaskoen han framførte. Det var Konze, leirkommandanten. De hatet ham! Med god grunn.

Ja, det var to ting vi lærte under okkupasjonen. Det ene var å holde sammen. Det andre var på godt norsk «å holde kjeft». Du måtte være taus med det meste. Et eksempel på dette vil jeg ta med. Høsten 1944 kom det en tidligere sovjetisk soldat til bygda her. Han hadde greid på en mirakuløs måte å rømme fra straffearbeidet i Øvre Årdal. Han måtte ha husrom,



*Rolf med radioen, som dei skjulte og lytta på heile krigstida.*

og Guri og Nikolai Stutlien tok imot ham. Der var det en seks-sju unger i huset. Hvordan de greide å holde dette tett, holde det hemmelig, er ei gåte. Folk i Stutlien risikerte livet sitt. Jeg vil også her ganske til slutt

ta med dette med Anders Hagaseth som søkte på stillingen som lensmannsbetjent under en nazilensmann. Han Anders ble nok uglesett for dette, men sannheten var at han var anmodet av heimestyrkene, av «gutta på skauen», om å søke. De ville gjerne ha en person på lensmannskontoret som kunne gi de nyttige opplysninger, hvis det var noe på ferde. Han spilte en viktig og risikabel dobbeltrolle, han Anders. Det gikk også bra.

Til slutt tar jeg med en episode fra 1940, da de norske soldatene kom til Bruflat og skulle forsvare stedet her. I 1939 hadde noen av guttene på staden her startet en gutteklubb i regi av Norsk Ukeblad. Gutteklubben het «Grei», og der var jeg leder. Da krigen kom så måtte denne klubben oppløses, og vi hadde en noe beskjeden kassabeholdning. Den kjøpte vi mat til de norske soldatene for som lå her på Bruflat. Vi kjøpte hermetiske oksekarbonader fra TPC «Trondhjems Preserving Company». Hvordan Norsk Ukeblad hadde fått vite om denne episoden det vet jeg faktisk ikke, men den kom på trykk i Norsk Ukeblad sommeren 1945. Gutteklubben Grei det var faktisk min første oppgave når det gjaldt lagsarbeid. Jeg startet da jeg var 12 år.

Ja, jeg skal avslutte denne beskjedne historikken. Da krigen kom i 1940 var jeg nybakt tenåring. Mye av dette jeg har fortalt er selvpoplevd, noe har jeg fra lokalt hold, og det er det med kortreiste opplysninger, - det er slik sett stort sett i pakt med virkeligheten slik den var.


Hele foredraget er tilgjengelig på biblioteket

## **Vandregudsteneste i Nord-Etnedal kyrkje 8. januar kl. 11**

Vi har ulike «stasjoner» i kyrkja denne søndagen, Takketre, lystenning, stille stund ved ein bibel, høve til å skrive/ legge bønelapper i ei krukke (som blir bedt for felles til slutt) og tilbod om å stoppe ved døypefonten for stadfesting av dåp. Den som vil, kan sjølvsagt ha si stille stund, sitjande på benken.



# Kyrkja i Nord Etnedal 150 år



Gudsteneste med dåp, nattverd, fire-åringar og femti-års-konfirmantar, biskop, prost, prest og fullsett kyrkje, og samling på menighetshuset på Bruflat etterpå. Slik feira nord-etnedølene kyrkja si i haust.

## Jubileums-preike

Biskop Solveig Fiske hadde preika på denne dagen, som blir kalla hausten sin påskedag. Ho snakka om kjærleiken som var og er sterkare enn døden. På tur til Etnedal hadde ho sett sola som braut gjennom skyene etter regnet, også med regnbogen som stadfestar pakta mellom Gud og menneske.

## Sårbart liv

- Kyrkja og kyrkjegarden representerer mykje levd liv. Alt det sårbare. Over det heile er det ein himmel med ein Gud som er til stades i både glede og sorg. Vi feirar kyrkje-jubileum med takk for fortida og tillit for framtida, sa biskop Solveig Fiske. Ho gratulerte med ei fin feiring på ein flott haustdag.

## Dåp og barnesong

Endre Nicolaysen Bergsbakken vart døypt, og tre fire-åringar fekk kvar si kyrkje-bok av av Marit prest. Biskop Solveig fekk alle ungane i kyrkja fram til koret, der ho lærde dei og heile kyrkjelyden ein song med mykje liv i. Fire 50-årskonfirmantar feira òg den store dagen.

## Musikalske innslag

Serhiy Bykov sat ved orgelet, og akkopagnerte son-

gen til Marit Lund og Syver Thon, i tillegg til å styre Bruflat sangkor.

## Taler og mat

Etter gudstenesta reiste mange sørover dalen til Bruflat Menighetshus, der det vart servert rummegraut og kaker. Det var taler, gåver, song og ein gjennomgang av historia til Nord-Etnedal kyrkje ved Sigurd Skogstad og Anne Marie Solbrekken. Prost Carl Phillip Weisser sa at det er mykje historie å minnast og ta vare på. Han gjekk gjennom Etnedal i veka før han vart innsett som Valdres-prost helga før. Då overnatta han ei natt i vaktrommet i sauefjøsset på Tollehaug, heime hjå soknerådsleiar Astrid Tollehaug.

## Unge talent

Vegard Lie las ein prolog skriven av Anders Fossbråten til 100-års-jubileet, og Vegard Thon, noergsmeister på torader, framførde ein nykomponerte jubileumslåt.

## Helsingar

Ordførar Toril Grønbrekk gratulerte med ei pengegåve frå kommunen.

- For meg er kyrkja og presten eitt. Marit, takk for at du har halde ut med oss i så mange år, du er ein fantastisk prest, sa ho til stor applaus.

Tidlegare sokneprest i Etnedal, Abraham Brekne, helsa jubilanten med å takke for åra i Etnedal.

- Folkekyrkja levde her, folk visste kva som var viktig – og var lojale. De har ein god plass i mitt hjarta sa Abraham.

Det var fleire helsingar, koret song, og det var semje om at Nord-Etnedal sokneråd hadde gjort ein svært god jobb med gjennomføringa av 150-års-jubileet for "Den hvitmalte kirke" i Nord-Etnedal.

Ingun Kompen.





**Inngangsprosesjon:** Soknerådsleiar Astrid Tollehaug saman med dåpsfylgjet



**Inngangsbøn:** Prost Carl Philip Weisser las opningsbøna, slik prost Halvor Tobias Heyerdahl gjorde ved vigslingsgudstenesta i 1866. Bak står Marit prest, som leia gudstenesta.



**Dåpsfeiring:** Endre Nicolaysen Bergsbakken vart døypt på jubileumsgudstenesta. Her er dåpsbarnet saman med foreldra Kari Nicolaysen Bergsbakken og Svein Bergsbakken. Storesystrene til Endre er Ingrid og Kristin. Fadrar er Kari Bergsbakken Byfuglien, Einar Bergsbakken, May Britt Heltorp og Jeanette Nilsen Skrindsrud



**Lesing av dåpstekstane:** Onkel og tante til dåpsbarnet, Einar Bergsbakken og Kari Bergsbakken Byfuglien.



**Storesyster til dåpsbarnet, Kristin fylte 10 år på jubileumsdagen i Nord-Etnedal. Ho fekk difor eit minne frå den doble bursdagen i kyrkja, eit lite reiseikon.**



**Klokkar Ellen O. Rudi og soknerådsleiar Astrid Tollehaug under kunngjeringar**



**Biskop og barn:** Biskop Solveig Fiske heldt dagens preike, og fekk alle barna i Nord-Etnedal kyrkje med på ein frisk song, som også fenga mange vaksne på feiringa av 150-års-jubileet søndag.



**Musikalske innslag:** Organist Serhiy Bykov akkompagnerte mellom anna både Marit Lund og Syver Thon som sørga for fine song-innslag under gudstenesta.



**Resesjon:** Astrid Tollehaug, leiar av Nord-Etnedal sokneråd, gjekk med prosesjonskorset under 150-års-jubileet søndag. Vidare ser vi biskop Solveig Fiske, prost Carl Phillip Weisser, sokneprest Marit Slettum og kyrkjelydsarbeidar Ellen Oddveig Rudi.

Foto : Geir Norling, Hallgeir Ruud og Ingun Kompen

## Jubileumsfest på Bruflat menighetshus:



*Vegard Hagaseth Lie las jubileumsprolog*



*Vegard Thon spelte sjølvkomponert jubileumslått på torader*



*Bruflat sangkor var med både i kyrkja og på Menighetshuset*



*Soknerådsleiar Astrid Tollehaug takka sentrale aktørar*



*Ivar Aars trakk historiske linjer*



*Tidlegare sokneprest Abraham Brekne helsa til kyrkjelyden (-ane)*



*Prost Carl Philip Weisser helste også forsamlinga*

*Alle foto: Hallgeir Ruud*

# Tradisjonar og legender om juleplanter

Det knyter seg legender og historier til alle vekstene vi pyntar med i juletida. Fleire av dei har svært giftige bær, og mange har vore brukt som legemiddel.

## Julegrana

For rundt 200 år sidan ville det vera utenkjeleg å ta eit grantre inn i huset og pynte det med glitter og stas. Det var sist på 1700-talet at skikken kom frå Sør-Tyskland. Juletreet er eit symbol på livets tre, og treet vart gjerne pynta med ting som minnar om den store julehendinga, fødselen i Betlehem. Til dømes julelys, englar, figurar av halm og stjerne. Det starta i velstående by-heimar, og er no fast julepynt i dei fleste heimane i Noreg.



## Fire englar

Ei legende fortel at fyrste jula i Noreg sende Gud fire englar for å førebu den store høgtida. Det var ein trus-engel, ein håps-engel, ein kjærleiks-engel og ein gledes-engel. Trus-engelen ville ha eit tre som hadde korsets heilage merke på greinene. Håps-engelen ville ha noko som ikkje visna, som eit bilete på livet som døden ikkje er herre over. Kjærleikens engel ville ha eit lunt tre som kunne breie ut greinene og beskytte småfuglane som frys om vinteren. Gledens engel ville velsigne treet så det kunne vera til glede i hus og hytte, hjå rike og fattige, for friske og sjuke, for gamle og unge. Engelen velsigna treet og gav det makt og kraft til å glede menneskehjarto.



## Juleneket

Tradisjonen med å henge opp eit julenek til jul, er svært gammal. Prestar på 1700-talet fordømte skikken med julenek som hedensk, så det kan vera ein tradisjon frå førkristen tid. Somme har meint at det då kunne ha vore eit våroffer, som skulle beskytte mot vonde makter. Det varsla godt år dersom mange fuglar kom og åt av kornbandet. Kom det ikkje fuglar, spådde det uår.

## Julerosa

Den kvite blomen som blømer rundt juletider er eigentleg ei uteplante som tåler 5-6 minusgrader. Legenda fortel at det var ein gjætargut som så gjerne ville sjå Jesus-

barnet. Han fann ingen plante som blømde, og gret bittert for at han ikkje hadde ein blome å gje til barnet. Då vaks det opp vakre, kvite blomar der tårene fall. Julerosa vil velsigne huset og buskapen, og jagar også vonde ånder på dør.



## Tulipanar

Tulipanane kom til Europa sist på 1500-talet frå dei vide slettene i Sentral-Asia. Tulipan-fargane symboliserer eigenskapar; raud tyder kjærleik, gul vil gje lykke i livet og kvit står for fred og tilgjøving.

## Tytebær

Det har i uminnelege tider vore brukt tytebærlyng som julepynt, særleg i kransar. Dei sterkt grønne og tjukke blada og dei lysande rauda bæra er fin pynt.



## Kristtorn

Tradisjonen med kristtorn kjem frå desemberfesten som kelte-rane feira med å dele ut kvistar med rauda bær.

I middelalderen trudde mange at Kristi tornekrone var laga av kristtorn, fordi blada på unge busker har spisse taggar. Men denne planta veks ikkje i Israel.



## Julestjerna

Dagens lubne og frodige julestjerne er dyrka fram til å vera ein kjær juleplante i mange heimmar. Heimlandet er Mexico, der skikken er å ta med seg gåver til kyrkja juleaftan og legge dei ved føtene til Jesus.

Legenda fortel at ein gut var så fattig at han hadde ikkje råd til nokon gåve. Men han la seg på kne utanfor kyrkja og bad. Då han reiste seg, vaks det opp ein raud blome der han hadde knela. Det var julestjerna.



Ingun Kompen

# Vandring frå Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje

I september starta konfirmantåret 2016/2017 med vandring frå Kyrkjesletta, som sjølvstendig var open for alle som ville slå fylgje. Klara Månun og Steinar Stenseth frå Nord-Etnedal sokneråd og konfirmantutvalet var leiarar, og vandrane starta med ei andaktsstund på Kyrkjesletta, der Marit prest sa noko om å vandre pilegrim. Ho sende med vandrane eit keltisk velsigningsynske,

og to salmer vart sunge. Undervegs var det stopp med ulike tekstar om pilegrimsvandring og enkle oppgåver som skulle løysast, pluss ein god matrast i trivelege N. Bergsbakko. Vel framme i kyrkja var det ei ny stille stund, før kyrkjetenarvikar Nils Kjell Nilsen og soknerådet ved Anne Marie Solbrekken serverte pølser og lomper.



*På Kyrkjesletta, klar til vandring*



*Matrast i N. Bergsbakko, dei fleste konfirmantane samla ved utsikta nedover Steinsetbygda.*



*Snart framme ....*



*I kyrkja, ved målet for vandrainga.*

Foto : Klara Månun, Steinar Stenseth og Marit prest

Til slutt samla presten både konfirmantar og foreldrar til info-møte om konfirmanttida.

## Ønskediktet

Da jeg fikk oppfordringen av min gode nabo Allic Nerموen om å velge et ønskedikt, falt valget på «Våg å være» av gatepresten og visesangeren Hans Olav Mørk. Jeg synes diktet er nydelig, og anbefaler deg å lese det sakte, la teksten synke inn og ønsker deg lykke til med å våge å være.

Jeg oppfordrer min gode venninne Randi Landmark om å velge ønskedikt i Kyrkjevarden neste gang.

Vennlig hilsen  
Sigrun H. Sandberg



**VÅG Å VÆRE**  
 Våg å være ærlig  
 våg å være fri  
 våg å føle det du gjør  
 si det du vil si.  
 Kanskje de som holder munn  
 er reddere enn deg?  
 Der hvor alt er gatt i lås  
 må noen åpne vei.

Våg å være sarbar  
 ingen er av stein.  
 Vag a vise hvor du star,  
 sta pa egne bein.  
 Sterk er den som ser seg om  
 og velger veien selv.  
 Kanskje de som gjør deg vondt  
 er svakest likevel?

Våg å være nykter  
 Vag a leve na.  
 Syng, om det er det du vil -  
 grat litt om du ma.  
 Tiden er for kort til flukt,  
 bruk den mens du kan.  
 Noen trenger alt du er  
 og at du er sann!

## Med Bruflat sangkor til Aremark

Bruflat sangkor har så langt hatt tre turar til Aremark, den siste i haust. Grunnen er invitasjonar frå Berit og Øystein Toverud. Berit er født Lunde og utflytta etnedøl, saman har dei hytte ved Garin.

Berit og Øystein bur i eit stort og fint hus landleg til, men skal no snart byte hus med neste generasjon på garden. Difor var det tida for ein ny visitt denne hausten, meinte det gjestfrie ekteparet.

Etnedal bilruter sto for transporten og Willy Byfuglien køyre oss trygt både bort og heim, i alt vart vi 17. Alle vart innkvarterte i privat-huset deira, med rikeleg bevertning og ein triveleg fredagskveld saman med inviterte venner.

Laurdag var det ein rundtur til sluser og butikk, og om ettermiddagen sang- og musikkfest på Menighetshuset, i samarbeid med lokalforeninga av Det norske

Misjonselskap og lokale musikkaktørar. Der var det opplesing og allsong, korsong, åresal og andakt i tillegg til bevertning. Gevinstane kom også frå Etnedal, og koret fekk lovord for arrangementet.

Bra med pengar kom det også inn til Det norske Misjonselskap. (kr. 9.000)

Sundagen måtte koristane pakke seg ut etter ein solid frukost. Koret skulle synge i Aremark kyrkje, og dirigent og organist Serhiy Bykov var begeistra innleigd organist på eit noko større orgel enn han er var med i Etnedal.

Etter ei triveleg og vellukka song-helg kom vi heim att, fornøgde over at vi hadde hatt ein så fin tur – og at folka i Aremark uttrykte at det hadde vore veldig kjekt at vi kom.

Ingun



*Koristar på tur: Bruflat sangkor song i Aremark kyrkje då dei var på mini-turnè i Aremark i haust.*



*Vertskap i Aremark: Berit, født Lunde i Etnedal, og ektemann Øystein Toverud tok imot heile 17 frå Etnedal i heimen sin.*



**Etnedal  
kommune**

- Minst og best -

#### **Kommune-info**

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no)

## **Hilsen fra ordføreren**

Kjære Etnedøler og andre lesere av Kyrkjevarden!

Det lakker og lir mot jul og jeg vil benytte anledningen til å reflektere litt rundt året som snart er omme.

Først og fremst ønsker jeg å takke for, og er ydmyk for tilliten jeg ble vist da jeg ble gjenvalgt som ordfører høsten 2015. Jeg er stolt av å være ordfører i bygda vår!

Høsten 2015 og våren 2016 sto i kommunereformens tegn og saken var ressurskrevende, stor og vanskelig. Jeg er glad for at Etnedølene var så klinkende klare i sitt syn i denne saken. Folkeavstemningen levnet ingen tvil om hva Etnedølene mente, og jeg er glad for at et enstemmig kommunestyre tok innbyggerne på alvor og sa nei til kommunesammenslåing. Når Regjeringen våren 2017 legger fram forslag om en ny kommunestruktur, og Stortinget skal fatte sitt endelige vedtak i juni 2017, får vi sette vår lit til at også våre stortingspolitikere tar disse klare og tydelige signalene fra de aller, aller fleste av landets kommuner innover seg.

Etnedal kommune har gode kommunale tjenester, dyktige medarbeidere, sunn økonomi og vi har de senere årene foretatt store investeringer. Vi har for å nevne noen, bygget ny barnehage, ny avdeling for personer med demenssykdom (kroken på Heimen), en fantastisk flott sansehage, ny bro mellom Bruflat og Haugalia, restaurert Etnedal skule og bygget Etnedalshallen. Likevel ser vi at vi har utfordringer fremover. Endringer i befolkningssammensetningen fører til økt tjenestebehov innenfor helse og omsorgstjenester. Vi har i ett års tid hatt utfordringer med overbelegg på Etnedalsheimen og vi mangler omsorgsboliger med heldøgns pleie. Kommunestyret har satt ned ei gruppe som utreder nytt helsehus og tanken er å frigjøre areal på heimen som kan be-



nyttes til omsorgsboliger med heldøgns pleie. Dette er en av de viktigste kommunale oppgavene som må løses på forholdsvis kort sikt.


Vi har mange små og mellomstore bedrifter som driver godt i Etnedal. I tillegg ser vi en positiv trend innen landbruket. Spesielt ser vi at mange unge har satset stort de siste årene. Dette gir gode ringvirkninger, skaper optimisme og gir oss alle tro på fremtida i Etnedal. Med vår beliggenhet og våre flotte friluftsområder har Etnedal kommune utviklet seg til å bli en meget attraktiv hyttekommune, og pr. i dag har vi omlag 2500 hytter i kommunen. Våre hytteinnbyggere er en stor ressurs og betyr mye for verdiskapningen i kommunen.

Antall frivillige lag og organisasjoner i Etnedal er stor. Ser vi bort fra de ulike faglag, har vi cirka 30 frivillige lag og organisasjoner i kommunen. Dugnadssinnsatsen som blir nedlagt er helt enestående. Aktiviteten betyr uendelig mye for mange og skaper





**Etnedal  
kommune**



- Minst og best -

#### **Kommune-info**

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no)

et godt samhold og bidrar til aktivitet og trivsel for alle som ønsker å delta. Det å ha et slikt nettverk, betyr så mye for mange. Tusen takk til alle dere som bidrar til dette fellesskapet!

Det er viktig å ha gode møteplasser og det er gledelig å se at den nye lekeplassen på Bruflat ble nettopp det. Det er tydelig å se, at her koser de seg, både liten og stor.

Vi er midt i den største flyktningkrisen siden andre verdenskrig. Mer enn 60 millioner mennesker er drevet på flukt, de fleste kvinner og barn. Sterke innslag i media viser flytningenes desperate kamp for å overleve, hvordan de er tvunget til å forlate alt, med håp om en bedre fremtid et annet sted. Det er hjerteskjærende å se hvordan desperate foreldre trosser alle farer i forsøket på finne en bedre fremtid for seg selv og sine barn. Dette er en sterk påminnelse om ulikhetene i verden og om ubeskrivelig nød. Vi har alle et ansvar for å bidra, og jeg er glad for at Etnedal tar sin del av ansvaret. Jeg oppfordrer oss alle til å være inkluderende og til å ta i mot de bosatte flyktningene våre på en verdig måte, slik du selv hadde

**JULEKONSERT**  
Kulturskolen i Etnedal inviterer til variert julekonsert med store og små i Samfunnssalen tysdag 13. desember kl 18.00. Tema for årets konsert er Luciafeiring, og det er gratis inngang.

**VELKOMEN!**

ønsket å bli mottatt hvis du var i deres situasjon.

Midt i den mørkeste og kaldeste tida, feirer vi jul. Å være utenfor er noe av det vanskeligste man kan oppleve, og i julen forsterkes alle følelser, også ensomhetsfølelsen. Du kjenner sikkert noen som er alene, eller som kunne trenge en hjelpende hånd. La oss bruke julen til å invitere til felleskap og hyggelige opplevelser. Mitt største ønske er at alle har noen å feire høytida med. Hvis alle kan åpne sine hjerter blir det en god jul for flere.

Ha ei god jul og et velsignet godt nyttår!  
Fra Toril ordfører.



## Per Einar Tveit: Trivest veldig godt i Etnedal



*”Idèbank-sjef” Per Einar Tveit sprudlar gladvær på kontoret som næringskoordinator i Etnedal kommune. Han ynskjer alle innom kontoret med små og større idear til aktivitet i bygda.*

På eit kontor på kommunehuset på Bruflat sit ein blid kar innafor ei dør med eit skilt med ein lang tittel. Per Einar Tveit har jobba her sidan august, og tittelen hans er næringskoordinator.

### Allsidig bakgrunn

Denne karen har hatt fleire titlar og arbeidsplassar gjennom livet, innan Sjøforsvaret, Kongsberg Maritime og som lufthavnsjef på Leirin til slutt. Mellom anna har han jobba med utdanning og kompetanse på høgskule-nivå på Leira.

### Lite byråkrati

- Alt er så lettvtint her i Etnedal, smiler Per Einar. - Spør eg etter noko, får eg gode svar. Mine forslag og idéar blir møtt med positive tilbakemeldingar. Folk er berre utruleg hyggelege og hjelpsame. Det er lite byråkrati. Gjer som du vil, får eg gjerne høyre.

### Politikarane utfordra

Næringskoordinatoren seier at det er interessante oppgåver han jobbar med. Han har mellom anna utfordra fire politikargrupper på ulike område, og det er stort engasjement. Dei jobbar med kommunikasjon/informasjon, småbedrifter/nettverk, Etna som ressurs og ubebudde bruk og hus. 12 av dei 15 i kommunestyret er aktivt med på prosjektet som blir presentert i januar. Det er ei spennande framdrift, og han har fleire tema å utfordre dei på seinare.

### Bakgrunn

Per Einar Tveit bur på garden Tveit på Fagernes, der han er oppvaksen. Han reiste ut for utdanning og jobb, og vart borte frå Valdres i 21 år, men følgde heile tida godt med på det som skjedde her. Når flyplassen vart nedlagt, måtte han sjå seg om etter ny jobb. Valet fall på den minste Valdres-kommunen.

- Det var den kommunen som kanskje hadde dei største utfordringane, smiler han, og virkar storleg fornøgd over valet.

### **Etnedals-aner**

Etnedalsblod flyt faktisk i årene til Fagernes-karen. Tippoldefaren heitte Ole Mikkelsen Solbrekken og var lærar i Etnedal. Kona, Aud Tveit, er interiørkonsulent med eige firma. To vaksne barn er flytta ut og bur i Oslo og Bergen.

### **Hobbyar**

På spørsmål kva han likar å drive med når han tek fri frå jobb og vedlikehald av hus heime og på stølen, er svaret at han likar å halde kroppen i form. Han karakteriserer seg som forholdsvis sosial, noko som truleg er lite overdrive.

- Eg likar å gå på fuglejakt, seier kontormannen. – Det er lite fugl, men det er godt kompaniskap. Og så likar eg spinning.

- Spinning?

Ein glad og høg latter blir etterfølgt av forklaring:

- Det er sosialt, godt fellesskap, enkelt å setje seg på sykkelen innandørs uansett vør og føre, og veldig god trim.

### **Ynskjer kontakt - har open dør**

Eg er veldig ute etter å få kontakt med folk i Etnedal som har idear til aktivitet, seier næringskoordinatoren entusiastisk.

- Kom med idear, smått og stort. Har du ynskje, behov og idear du vil realisere, er eg medspelar. Eg kan hjelpe med undersøking, prosjektering og marknadsføring,

### **Lite kan bli stort**

- Vi kan drodle i lag rundt idear, det er alt fleire som har vore innom meg.

Eg kan ikkje vente at alle kjem av seg sjølv, og er så langt ikkje van med renn på dørene. Men eg er svært interessert i kontakt med folk med tankar og idear

rundt etablering av noko lite som kan bli stort. Eg kan også kople saman folk med samanfallande interesser, som kan ha nytte av samarbeid.

### **Råvara er her**

- Det er eit einsarta næringsliv i Etnedal. Råvara her er god plass! Den gode tilgangen på plass må kunne brukast til noko. Det er mykje hyttebygging, og sikkert noko som kan kombinerast med det som alt er her. Eitt eksempel er produksjon av lokalmat.

- Karane er gjerne for optimistiske, kvinnene for forsiktige i like saker, smiler optimisten Per Einar. - Problemet med arbeidsplassar er at det ofte er snakk om to personar som par, som er ute etter arbeid.

### **To års engasjement**

Per Einar Tveit har eit to års engasjement som næringskoordinator i Etnedal. Etter det veit han lite om kva han skal gjera. Sidan karen er ein blid og glad 61-åring, er det lite truleg at han berre skal kose seg med hunden og spinninga. Kanskje held han fram i Etnedal, med jobb som i dag. Eller kanskje har han då fått så mange idear frå kreative etnedøler som no skal banke ned døra hans, at han skapar seg ein ny og interessant jobb, gjerne i Etnedal.

Ingun Kompen



## Nyansatte i Etnedal



Turid Bjørge (47) er ansatt i 50 % vikariat som biblioteksjef. Hun har bl.a. jobbet som biblioteksjef i Vestre Slidre kommune, og har også tidligere vært vikar som biblioteksjef i Etnedal. Turid er oppvokst på Bjørge hvor hun fortsatt bor. Hun er gift og har 2 barn på hhv. 14 og 18 år



Lise Rehaug (54) er ansatt i 100 % midlertidig stilling som pedagogisk leder ved Eventyrskogen barnehage. Lise er utdannet førskolelærer og har praksis fra diverse barnehager. Hun har tidligere vært styrer i Etnedal barnehage og også jobbet som lærer ved Etnedal skule. Lise er oppvokst i Levanger og bor nå i Etnedal. Hun har 3 gutter i alderen 16 til 21 år.



Eli Marit Fuglesteg (51) er ansatt i 100 % fast stilling som økonomisjef. Eli Marit er utdannet innen økonomi, administrasjon og skatt. Hun har praksis fra bl.a. Øystre og Vestre Slidre kommuner. Eli Marit er oppvokst i Skammestein og bor nå i Rogne. Hun har 2 barn på hhv. 25 og 27 år.



Marte Evensen (25) er ansatt i 50 % fast stilling som flyktningekonsulent. Marte er utdannet helsefagarbeider og har praksis fra hjemmesykepleien her i Etnedal. Hun er oppvokst i Etnedal og bor fortsatt her.



Tonje Cecilie Berg er ansatt i 100 % midlertidig stilling som integreringskonsulent. I tillegg til allmennfag har hun tatt videreutdanning innen form og farge. Hun har bl.a. praksis som avdelingsleder ved Folkeuniversitetet Innlandet. Tonje Cecilie er opprinnelig fra Leira, men er nå bosatt på Fagernes. Hun er gift og har 6 barn i alderen 7 til 12 år.



Malin Sirhaug (18) er ansatt som lærling i 100 % stilling innen barne- og ungdomsarbeiderfaget i Eventyrskogen barnehage. Malin bor i Etnedal.



Anne Britt Bøe (46) er ansatt i 100 % fast stilling som regnskapskonsulent. Anne Britt har bachelor i økonomi og administrasjon. Hun har praksis fra bl.a. Nordre Land kommune.  
Hun er oppvokst i Vestre Slidre og bor nå på Dokka.  
Anne Britt har 3 barn i alderen 12 til 25 år.



Rolf Erik Poppe (36) er ansatt i 100 % fast stilling som arealplanlegger. Rolf Erik har master i landskapsarkitektur og har praksis som saksbehandler og landskapsarkitekt i privat sektor.  
Han er oppvokst i Lier og bor nå på Fagernes med datter og samboer.



Maren Elise Sogn (20) er ansatt i 20 % vikariat som fagarbeider i Eventyrskogen barnehage. Maren Elise er utdannet barne- og ungdomsarbeider.  
Hun bor i Thomlebygda.



Marina Kristina (39) er ansatt i 60 % midlertidig stilling som personlig assistent i Eventyrskogen barnehage. Marina har utdanning som engelsklærer i Ukraina.  
Hun har praksis som barnehageassistent i Oslo.  
Hun er oppvokst på halvøya Krim og bor nå i Etnedal med samboer.



Vigdis Molstad (51) er ansatt i 30 % vikariat som fagarbeider i Eventyrskogen barnehage. Vigdis er utdannet barnepleier og har praksis bl.a fra Østre Toten kommune.  
Hun er oppvokst i på Kolbu og bor nå i Etnedal.



Per Einar Tveit (61) er ansatt i 100% engasjement i 2 år som næringskoordinator. Per Einar er utdannet ingeniør fra Sjøforsvaret og har bl.a. arbeidserfaring fra ulike stillinger i Kongsberggruppen, Oppland fylkeskommune og Avinor. Han kom hit fra stillingen som lufthavnsjef på Fagernes lufthavn, Leirin.  
Han er oppvokst på Fagernes, var ute av dalføret i 21 år, før han vendte nesa hjemover til Valdres og gården Tveit på Fagernes sammen med familien sin.  
Per Einar er gift med Aud og har to voksne barn, Per og Guro som henholdsvis bor i Oslo og Bergen.



Linn Kjersti Nysveen (24) er ansatt i 40,26 % vikariat som hjelpepleier ved Etnedalsheimen. Linn Kjersti holder på med utdanning som sykepleier. Hun er oppvokst i Etnedal og bor fortsatt her.



Tonje Marie Reiten Sveen (24) er ansatt som tilkallingsvikar på servicekontoret. Tonje Marie holder på med utdanning og jobber med en bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling. Hun er bosatt i Aurdal.



Karin Lindahl (60) er ansatt i 86,27 % vikarstilling som sykepleier ved Etnedalsheimen. Karin er utdannet spesialsykepleier og har praksis fra bl.a. Nordre Land kommune. Karin er oppvokst og bor fortsatt på Dokka.



Linda-Beathe Brateng (18) er ansatt som lærling i 100% stilling innen skole og barnehage. Linda-Beathe er oppvokst i Tisleidalen og bor nå på Leira.



Ina Kristine Enger Ulsakerhaugen (18) er ansatt som læring i 100% stilling innen enhetene omsorg og rehabilitering og familie og helse. Ina Kristine er oppvokst i Torpa og bor fortsatt der.



Britt Marion Stenslette (52) er utdannet soneterapeut og jobber selvstendig med dette. Britt Marion er oppvokst på Raufoss og bor nå i Etnedal med samboer.



Jorun Hansebråten (22) er ansatt i 93,9 % sykepleiervikariat. Jorun er utdannet sykepleier og har også tidligere praksis her i Etnedal. Hun er oppvokst i Etnedal og bor fortsatt her.

# UNGDOMSRÅDET

- Består av 6-8 ungdommer fra Etnedal: Vebjørn Kompen, Martin Bassett, Sindre Espelien, Simen Espelien, Dan Marcus Konstad, Hanne Bakken, Silje Sørbu, Øyvind Telstø
- Leder: Vebjørn Kompen
- Jobber for saker som angår ungdom
- Planlegger og gjennomfører aktiviteter for ungdom
- Har 50.000,- som skal brukes til tiltak for ungdom

## Lyst til å ta opp saker eller få i gang aktiviteter?

**Prat med en av medlemmene  
eller kontakt Øyvind Rust på  
ungdomsklubben sin Facebookside!**



- I kjelleren på det gamle Coopbygget på Bruflat
- Åpen torsdager kl. 18-22
- Aldersgrense fra 6. klasse og oppover
- Pris: kr. 40,- per gang eller kr. 250,- for skoleåret 2016/17
- Daglig leder: Øyvind Rust
- Flytting til hallen i januar 2017

## Offisiell opning av tilbygget ved Etnedalshallen

På vegne av Etnedal kommune har Etnedal idrettsråd gleden av å invitere til offisiell åpning av tilbygget ved Etnedalshallen torsdag 12. januar 2017 kl.17:00.

Det vil bli:

- Underholdning
- Taler
- Servering av kaffe og kake
- Muligheter for å bli kjent i bygget

Med vennlig hilsen  
Etnedal Idrettsråd

Tor Bjørnødegård/s  
-leder for åpningsarrangement-

Arne Brufladt/s  
-leder Etnedal Idrettsråd-



# ÅRETS JULEGAVE TIL ALLE ETNEDØLER!

## NYTT TRENINGSRUM I ETNEDALSHALLEN

I forbindelse med tilbygget på Etnedalshallen blir det et stort og flott treningsrom! Det er bestilt helt nytt utstyr hvor en kan trene hele kroppen, både styrke og kondisjon. Etnedal idrettslag, Etnedal fotballklubb, Etnedal skilag og Etnedal skytterlag kjøper inn utstyr og drifter treningsrommet. Det er også inngått en avtale med Etnedal kommune/Etnedal aktiv.

For å benytte treningsrommet forutsettes det medlemskap i et av de fire nevnte lagene, eller i Høljarast- eller Dalsfjord idrettslag. Det må minimum tegnes støttemedlemskap som koster kr. 100,- pr. år. Støttemedlemskap gir ingen forsikring via laget man er medlem i. Medlemskap i treningsrommet er personlig og gjelder fra s. 33 ???

kontraktingngåelse med 1 mnd. oppsigelse før den 1. i hver mnd. All trening forgår på eget ansvar.

Treningssenteret kan benyttes hele døgnet, alle dager bortsett fra mandager mellom 08:00 og 14:00

Medlemskapet inkluderer:

- Gruppetreninger som spinning, aerobic eller andre gruppetreninger

Andre tjenester som kan tilbys etter nærmere avtale:

- Tilrettelegging for spesielle grupper. (Etnedal aktiv med egne betalingssetser)
- Tilrettelegging av personlig program. (Etnedal aktiv med egne betalingssetser)

Priser og betalingsavtaler:

- Familiemedlemskap m/barn mellom 16 og 20 år
- Barn under 16 år trener gratis sammen med foreldre

TYPE MEDLEMSKAP	PRIS		BETALINGSFORM
ENKELTMEDLEMSKAP	KR.199,-PR.MND.		AUTOMATISK TREKK
ENKELTMEDLEMSKAP	KR.1990,- PR.ÅR	GJELDER KALENDERÅR	FAKTURA
FAMILIEMEDLEMSKAP	KR.499,-PR.MND		AUTOMATISK TREKK
FAMILIEMEDLEMSKAP	KR.4990,-PR.ÅR	GJELDER KALENDERÅR	FAKTURA
ENKELTTIMER	KR. 50,-PR.GANG	skrive på liste	FAKTURA
ADGANGSKORT	KR.100,-PR.KORT	depositum	FAKTURA/AUTOMATISK TREKK

## Frem til jul tilbyr vi gavekort

**Ved kjøp av gavekort kan man kjøpe de antall måneder en selv ønsker.**

Kontaktinformasjon for inngåelse av avtale eller gavekort:

Arne Brufladt  
 Mob: 911 92 915  
 Epost: arbruffla@bbnett.no



## Prosjekt “Valdres 1940”

Ei gruppe bestående av oberstløytnant og historiker Knut Werner-Hagen, Kristian Bergsund, styret i Etnedal historielag og kultursjef i Etnedal kommune Gabrielle Becker har startet arbeid med et prosjekt kalt «Valdres 1940». Målet er å sette opp tavler med informasjon om krigshandlingene i Sør-Valdres i første omgang. Arbeidet kan senere utvides til de øvrige Valdreskommunene.

Det skal fremskaffes tekster, bilder og kart over de mest relevante krigshandlingene i regionen. I løpet av vinteren skal dette settes sammen og trykkes på informasjonstavler. Det satses på å ferdigstille tavler og sette opp disse på fire steder i løpet av 2017; Tons-

åsen, Bruflat, Lundebrua og Høljarast.

I tillegg skal det skiltes og ryddes til fire minnestein. Disse befinner seg mellom Sørum og Gravadalen, men er i dag vanskelig å finne. En av steinene er forsvunnet. Målet er å sette opp en ny. De tre eksisterende minnesteinene skal rengjøres og stabiliseres. Skilt og informasjonstavler skal være etter samme mal som allerede er i bruk i Valdres, slik at et enhetlig inntrykk i regionen ivaretas.

Ta kontakt med kulturkontoret i Etnedal dersom du ønsker mer informasjon eller har innspill eller bidrag til prosjektet.



## Ny daglig leder ved Etnedal Frivilligsentral fra 1. oktober.

Kari Skogstad er tilsatt som ny daglig leder ved Frivilligsentralen. Hun startet opp 1.oktober og er godt i gang med oppgaver. Du kan treffe henne på tlf 9213 2438.

Husk dugurd hver fredag fra 1200 – 1400, for mat og prat. Kom da vel :) Ring Kari for evt. skyss.

# Anna - snart ikkje på kaféen

Ei epoke er snart omme i Etnedal. Anna på kaféen sluttar til nyttår. Ho starta opp 2. april 1981. Ho kunne begynt dagen før, men ville ikkje at det skulle bli oppfatta som ein aprilsnarr! Anna fyller snart 73 år, som vel er ein grei pensjonsalder for ei utruleg sprek dame.

## Kafeen for alle

Anna Skjærstein har spela ei langt større rolle i lokalsamfunnet enn berre å vera kafé-vertinne på kommunehuset. Mange har vore stamgjester, mange har brukt kafeen som ventetom i andre ærend. Mange møtetråvarar har kunna glede seg til god mat etter møtesakene.

## Møteplass med greie prisar

Folk har gått på kaféen for å kose seg, gjerne i lag med andre. Sjølv om det sit berre ein ved kvart bord – er det likevel noko sosialt ved det. Mange har vore på mange møte til ulike tider på døgnet, med god servering. Utallige har kosa seg med velsmakande og solid middagsmat. Turistar har slengt innom – og faktisk kome att dagen etter for å betala for seg – dei trudde det dei betalde for dagen før var ein feil! Kafeen har operert med greie prisar! Med andre ord, folk har gått berika ut att frå Annas kafé på fleire måtar enn økonomisk.

## Onsdagsmiddagar

Onsdagane har vore ein fest for mange. Då har Anna hatt middagservering. På klukke-dagane må folk stille opp i tide, for det kan gå tomt før etternølarane kjem på at det er dagen for klubb på menyen. Vanlegvis er det ca 40 som et middag hjå Anna, men ein onsdag var det heile 58 som vart mette.

Ein vaffelstopp i ein travel kvardag når ein likevel var på Bruflat, har gleda mange. Og så er det utallige kringler og bløtkaker som har vore levert frå Anna si hand, for ikkje å snakke om halve rundstykker!

Anna har vore kjent for å yte service på topp, sjølv om ho har hatt nok på programmet, og kunne dra litt på om det kunne la seg gjera med endå ei bestilling, så enda det med eit ja.

## Møterom med mat

Mange, mange, mange kveldar har Anna servert og venta på at diverse møte skulle slutte. Ho hugsar ein gong at ho då klokka var halvtimen etter midnatt, måtte seie at det var på tide å stenge! Ein gong var det

70 i kafeen, men då måtte mange stå med dei fekk litt servering etter eit møte. Då var det tre kakestykker att! To konfirmasjonar på same dag, men til ulike tider, har ho også gjennomført. Ho har hatt dekketøy til 80 personar.

## Litt ekstrahjelp

Dei siste åra har Anna hatt noko hjelp, av Aud Espeli-ødegård og Torbjørn Andersen. På spørsmål om noko artig å berette frå bakrommet, nemner han ein smørekniv der handtaket er litt smelta. Den er go'kniven hennar Anna må ha når ho skal legge egg på brødet. Det er store leiteaksjonar dersom den er borte!

## Sorg og glede

Anna har hatt minnesamvær, konfirmasjonar, barnedåpar og utallige årsmålsfestar attåt alt det vanlege daglege. Den populære handarbeidskafeen er fast leigetakar. Når ho no snart får meir ledig tid, kan ho i alle fall sova litt frampå morgonane. Ho er trufast med i helselaget, framleis leiari i Flatøygardskrinsen og ivrig med på badminton-øktene i Etnedalshallen. Ho gleder seg no til å kunne farte litt meir, besøkje folk og få besøk. Ho har eit godt kjøkken i leiligheita på Haugaliflata, så det kan vel tenkjast at det luktar heimebakst der til tider.

## Ann Louise overtek

Etnedal blir aldri som før utan Anna på kafeen, men er det håp? Det er det så menn. Ann Louise Eivik overtek kafeen frå årsskiftet. Ho bur på Graner med familien sin, og har alt innarbeidd seg med levering av mat frå heimekjøkkenet. Så kommune-kafeen består, til stor glede for oss alle.

Ingun



*Anna Skjærstein – som snart ikkje er på kafeen, står på til nyttår med god heimebakst, møteservering og middagar.*

# Hilsen fra en 70-års konfirmant

Jeg er 70-årsjubilant i år, og i den anledning har jeg lyst til å skrive litt om hvordan jeg opplevde min konfirmasjon.

Jeg ble konfirmert i Bruflat kirke 26. september 1946. Ludvig Riise var sokneprest da, og det var han som konfirmerte oss.

## Konfirmasjonsforberedelse i gamle kjørkestogo

Konfirmasjonsforberedelsene - eller prestlesingene den gangen var på gamle kjørkestogo, eit lite hus som sto på andre sida av vegen for kirka, men som er revet for mange år siden. Vegen til Bruflat var lang for mange konfirmanter og det var liten eller ingen bussforbindelse. Biler var det nesten ingen som hadde. Vi måtte gå eller sykle, for den som var så heldig å ha en sykkel.

Prestlesingene var om sommeren. De var lagt opp teoretiske, og det var ingen andre samlinger i konfirmasjonstida. Jeg minnes godt første leksa vi fikk av Riise. Det var to vers fra en salme og begynte slik: «Og higer din sjel mot sannhets Gud og kaller på ham du der inne...» Disse versa sitter fortsatt spikret fast hos meg den dag i dag.

## Konfirmasjonsdagene – tre søndager

Sjølve konfirmasjonsdagene gikk over tre søndager, overhøring, konfirmasjon og altergang.

Overhøringa grudde jeg meg fælt til. Den følte som eksamen, og pensum måtte kunnes.

Vi sto på to rekker langs benkeradene, og presten eksaminerte. Tenk om jeg svarte feil eller ikke hadde svar. Katastrofe!

## Konfirmasjonen, en fin opplevelse

Når jeg sammenligner dagens konfirmasjon med vår, er de ganske forskjellige, men min konfirmasjonsdag var en fin opplevelse.

Det var en strålende fin høstdag, sol fra blå, skyfri himmel og naturen på sitt vakreste. Jeg gledet meg over dagen, hadde fått nye klær, kanskje fikk jeg gaver, og framtida var lys. Jeg husker at jeg sjekket at kortet med navnet mitt på ene sida og et bibelvers på den andre, var på plass i den nye salmeboka. Jeg husker også at jeg var glad for at det ikkje skulle avgis løfte slik det var praktisert tidligere. Da kunne jeg bare ta imot uten at det krevdes noe av meg. Vel-signelsen vi fikk følte godt og naturlig.

Tredje søndagen var det altergang. Dette var noe ukjent som jeg ikke hadde lyst til, men jeg tok natt-

verden som de andre. Jeg var nok ikke moden nok eller motivert nok for dette, og i mange år var jeg reservert når det gjaldt nattverd, men det har heldigvis forandret seg.

## I skyggen av andre verdenskrig

Vi var ungdom som levde i skyggen av en verdenskrig.

Dette gjorde seg utslag på mange områder, for eksempel var det vanskelig å få tak i klær til konfirmanter. Mor ville jeg skulle ha hvit kjole, hun mente det passet best til en konfirmant. Og hvit kjole ble det, sydd av «fallskjermstilke» fra et «slepp» under krigen.

Til «overhøringskjole» ofret mor sommerkåpa si, som hun spettet fra hverandre, vasket og brukte vrangen ut. Dorte Solbrekken tryllet fram to kjoler av dette. Konfirmasjonskjolen ble senere brukt av andre konfirmanter, og ikke minst som Luciakjole, av dattera mi – i mange år. Jeg har den ennå.

Det var ikke så vanlig med store selskaper og mange gaver den gangen. Det jeg husker best fra festen var at vi hadde besøk av slektninger på farsida, fra Nannestad. Med datidens kommunikasjon skjedde det ikke så ofte. Gaver var ikke så viktig for meg. Jeg skulle få klokke av mor og far, den kom et halvt år etterpå. Smykker ble det lite av. En måtte bytte inn gull eller sølv for å få kjøpt nytt og det var det ikke mange som hadde anledning til.

## Utflyttet, men nær kontakt med Etnedal

Vi flytta fra Etnedal året etter at jeg var konfirmant, men kontakten med dalen har jeg prøvd å holde ved like. Jeg har mye slekt der, og jeg føler meg som etnedøl. Jeg har hytte i Etnedal, og er på Bruflat kirkegård så ofte jeg kan. Da liker jeg å ha god tid, gå rundt på gravene og minnes. Der kjenner jeg så mange. Nær slekt har også fått sitt siste hvilested der.

Dette var noen små betraktninger fra «en svunnen tid.» Inspirasjonen til å skrive fikk jeg da jeg leste siste nummer av Kyrkjevarden, det er et godt menighetsblad.

Mye har skjedd på 70 år, men budskapet vi fikk med oss i konfirmasjonstida er fortsatt det samme.

Hilsen fra en fast leser av Kyrkjevarden  
Kari Hoel Grini

# Tutta – kyrkjeguide i særklasse

I mange år har friviljuge teke nokre sommar-dagar som omvisarar i Bruflat kyrkje. Tutta Solberg har teke meir enn nokon andre!

## Trivelege 17 dagar

I løpet av sommaren 2016 vart status 17 dagar i kyrkja for Tutta. På spørsmål om ho trivest, er det opp til fleire tydelege JA-svar!

- Det er alltid så triveleg i kyrkja, seier Tutta. - Regnar det, er det kjekt å vera under tak. Er det sol og fint vær, er det koseleg å vera ute. Folk kjem innom og vil sjå og få vita litt om kyrkja. Somme spør også etter graver, og då hjelper eg så sant eg kan.

## Konsertar

Tre onsdagar med konsert av organist Serhiy Bykov fekk ekstra mange til å koma i kyrkja. Ein dag vart det 37 namn i gjesteboka. Statistikken vil uansett vise at det er Tutta som har flest besøkjande gjennom sommaren. I alt vart det 306 namn i gjesteboka for i år.

## Mange nasjonar

Tutta fortel at det har vore folk frå diverse nasjonar innom, og nemner Sveits, Nederland og Belgia. Ellers er det garantert gjester frå USA kvart år, og frå nabolanda våre.

## Kjekt i kyrkja

- Har du ikkje anna å gjera enn å vera i kyrkja så mykje om sommaren, Tutta?

- Jau då, men dette er det kjekkaste. Eg kunne vore her mykje meir, smiler Tutta.

Ho har gjerne med seg litt drikke og kjeks som ho spanderer, og den opne døra mot sør seier at her er det velkomen inn for alle.

## Dugnadsinnsats

Tutta må finne seg i å dele omvisar-jobben med fleire som synest det er fint å vera kyrkje-guidar. Difor må fleire nemnast: Tone Steinset, Ragnhild Fagernæs, Anne Marie Ødegaard, Solveig Skåren og under-skrivne -

Ingun Kompen.



## Hjørnet hass Jan:



Ein trønder skrytte fælt av at han kjende så mange, også kjende personar. Mellom anna hadde han spela golf med George Bush. Sjølv heitte han noko så vanleg som Jensen.

Naboen til Jensen heitte Olsen, og desse to karane tok seg ein gong ein ferietur til Roma. Sjølv-sagt besøkte dei Petersplassen, der paven denne dagen også synte seg. Jensen gjekk straks fram til paven, og der vart dei ei lang samtale mellom dei.

To nonner stod også ganske nær, og dei følgde interessert med alt som skjedde.

- Du Magdalena, spurde den eine etter ei stund. – Kven er den karen med den rare hatten som står og snakkar med Jensen frå Trondheim?

# Kristent lydbibliotek øker kraftig

*Tekst: Frank Tangen*

*Foto: Kari Undeland, bilde av Heidi K. Vestbye som er bibliotekleder på KABB*

**Interessen for kristen litteratur er større enn noen sinne blant norske syns- og lesehemmede. Lydbiblioteket til Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB) har mer enn doblet utlånet av lydbøker.**

KABBs lydbibliotek har gjennom 40 år spesialisert seg på å produsere lydutgaver av aktuell kristen litteratur. Biblioteket er offentlig godkjent på linje med det statlige Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.

- Vi leser inn ca. 100 bøker i året, forteller biblioteksjef i KABB, Heidi Vestbye. – De fleste er utgivelser fra de kristne forlagene, men vi produserer også bøker fra andre forlag, dersom tematikken ligger innenfor vårt formål. Vi tilbyr litteratur i alle sjangre, fra letteste romaner til tyngre teologiske verker, sier Vestbye, som likevel medgir at mange av boklånerne foretrekker bøker av den lettere typen.

- De smalere titlene lånes ofte av folk som trenger dem i forbindelse med jobb eller studier. Derfor er det viktig at også slike bøker er tilgjengelige, selv om de ikke leses av så mange.

## Lett tilgjengelig

I løpet av et drøyt år har utlånet av bøker fra KABBs bibliotek økt med mer enn 100 prosent, og fortsetter å stige. Noe av årsaken er at KABB og Norsk- lyd og blindeskriftbibliotek nå har felles utlånssystem, slik at boklånerne har tilgang til alle bøker fra begge

bibliotekene, og at lydbibliotekene har tatt i bruk ny teknologi. Siden det nye systemet for utlån ble tatt i bruk i fjor, har KABB registrert 230 nye boklånerne.

- Lånerne kan fortsatt få tilsendt bøkene våre som CD i posten, men stadig flere velger å streame eller laste ned lydbøkene i en app eller på internett. Slik får de umiddelbart tilgang til de bøkene de ønsker seg, forteller biblioteksjefen. Tilbudet er gratis, i likhet med andre offentlige biblioteker.

## Også for lesehemmede

KABBs lydbibliotek ble startet som et tilbud til blinde og svaksynte, men alle som strever med å lese trykt tekst kan bruke biblioteket.

- Det gjelder for eksempel dyslektikere, funksjonshemmede som ikke kan holde eller bla i en bok, mennesker med konsentrasjonsvansker, og mange andre, sier Heidi Vestbye.

Tre prosent av alle nordmenn er synshemmede og 5-7 prosent har alvorlig dysleksi. Dermed er minst hver tiende nordmann helt avskåret fra å lese trykte bøker. Langt flere har generelle lese- og skrivevansker, og kan ha nytte av et tilbud om lydbøker.

- Vi opplever at svært mange som kunne ha nytte av oss ikke kjenner muligheten av å bruke lydbiblioteket. En av utfordringene med å informere disse gruppene er jo nettopp at de ikke leser trykt informasjon, derfor er vi avhengige av at pårørende eller fagfolk gjør dem oppmerksomme på bibliotektilbudet. Vi får veldig mange tilbakemeldinger om at lydbøkene gir brukerne en ny og bedre hverdag, forteller Vestbye.



*Stadig flere lesehemmede låner lydbøker via internett, men biblioteksjef Heidi Vestbye i KABB har likevel hendene fulle med å gi lånerne personlig veiledning.*

For mer informasjon om KABBs lydbibliotek:  
Heidi Vestbye,  
tlf. 69 81 69 81

# Utdeling av kyrkjebøker til 4 – og 6-åringar

## N. Leningen sæterhus 30. august

Markering av skulestart og utdeling av kyrkjebok til 6-åringane.

Helena Wright var sentral i gudstenesta, ho fortalte frå Bibelen. Ute etter gudstenesta arrangerte ho skattejakt saman med trusopplæringsutvalet. Pølser, karbonade og kaker serverte dei også.



Ved «fiskeplassen»



Oppgåvløysing

## I Bruflat kyrkje - 18. september

Helena Wright delte ut bøker, hadde eige samling for barna i sakristiet under preika, og leia dei på skattejakt etter messa.



Frå venstre : Annie Sitona Eivik Iversen, Sigurd Nygård Urberg, Runa Juven Bøe, Tomine Øybakken og Kristina Opheimsbakken



Under bibelforteljinga



Fireåringane i N. Etnedal fekk si kyrkjebok på jubileumsgudstenesta 11. september, Othilde Tollehaug Vikmark, Embrik Hestekind og Adrian Skogstad Kvernmo



Ole Johannes Øybakken Aure fekk 4-årsboka si heime. Her er han saman med mamma Tove og Marit prest

# Konfirmantpresentasjon



*Nord – Etnedal kyrkje 2. oktober  
Vegard Thon og Eskild Ødegård*



*Bruflat kyrkje 16. oktober  
Frå venstre : Sander bekim Åmodt,  
Caroline Tidemandsen Kompelien,  
Kjersti Sogn Bergene, Anette Berge-  
ne, Sigve Stubbene, Mikael Ødegård  
Skåren, Eskild Ødegård (bur i Bruflat  
sokn, skal konfirmerast i N. Etnedal)  
Daniel Nyseth, Øyvind Telstø, Ragn-  
hild Flugstad Øistuen, Henrik Röhne  
Trondhjem. ( Fredrik Fossum var ikkje  
til stades då bildet vart take)*

## Legatet Ola E Sveens Minne

Renter av Legatet Ole E Sveens Minne for 2016 skal tildeles ungdom fra Etnedal som tar opplæring i ett av følgende fag:

1. Treskjæring ved Handverksskulen på Hjerleid
2. Opplæring i Helse- og Sosialfag eller Byggfag

Elever med lang utdanningstid vil bli prioritert. Søkere må ha fylt 18 år.

Søknad sendes:

**Legatet Ola E Sveens Minne**  
v/ Eivind Lundmoen  
Lundmoen 68  
2890 Etnedal

e-post: [elundmoe@bbnett.no](mailto:elundmoe@bbnett.no)

**innen 31. desember 2016**



# Dobbelt feiring i Nord-Etnedal kyrkje

Fyrst i oktober var det planlagt både barnedåp og salme-maraton i Nord-Etnedal kyrkje. I tillegg kom det overraskande meir på programmet, noko berre dei mest involverte visste om føreåt.

## Barnedåp

Kari Tollehaug Jevne og Øyvind Vikmark bar vesle Live til dåpen søndag 2. oktober, og storesyster Othilde var sjølvsgagt med. Fadrane var syskena til foreldra frå Etnedal og Bodø.

## Bryllupsmarsj

Når det lei så langt at folk hadde begynt å glede seg til kyrkjekaffien, melde Marit prest at folk måtte ta det med ro – og få med seg ei overrasking. Då organist Serhiy Bykov sette i gang med ein bryllupsmarsj, forstod folk kva overraskinga var!

## Dobbelt feiring

Framme i koret sat far til dåpsbarnet, no som brudgom. Bestefar Ingvar hadde like før fått eit hint om at han skulle følge mor til dåpsbarnet fram, og bestemor Astrid måtte takle å passe vesle Live.

Heile kyrkjelyden fekk slik med seg at eit ungt par med to fine småjenter vart vigde, og Kari og Øyvind gjekk ut av kyrkja som ektefolk.

## Salmemaraton

Etter ei kaffestund med gode kaker starta salmesongen. Med det flotte haustveret ute vart det korta noko ned. Men alle fekk med seg den gode middagen som soknerådet serverte i kyrkjestova til slutt.

Samtlege hadde fått vera med på ein uvanleg fin kyrkje-dag.

Ingun Kompen

**Barnedåp:** Vesle Live Tollehaug Vikmark vart døypt i Nord-Etnedal kyrkje 2. oktober. Storesyster Othilde hjalp til, og Marit Slettum var prest. Foreldra er Kari Tollehaug Jevne og Øyvind Vikmark, frå Etnedal og Bodø. (Familien bur på Gjøvik) Fadrane var syskena til foreldra, frå venstre Kari Tollehaug Jevne med dotter Alvhild Krogstad Tollehaug, Torgeir Vikmark, Arnfinn Vikmark og Håvard Tollehaug. Marit Vikmark var ikkje til stades.

Foto : Ingun Kompen og Ragnhild Fagernæs







### Bryllup etter dåpen:

Etter dåpen av vesle Live Tollehaug Vikmark i Nord-Etnedal kyrkje sist søndag, overraska foreldra med å gifte seg same dag. Syskena til dåpsforeldra var fadrar. Frå venstre Ingvild Tollehaug Jevne, Håvard Tollehaug, mor Kari Tollehaug Jevne med dåpsbarnet Live, far Øyvind Vikmark, prest Marit Slettum, Torgeir Vikmark og Arnfinn Vikmark. Fadder Marit Vikmark var ikkje til stades.

## Utflytta etnedøler med dåp på Lillehammer og Gjøvik



Søndag 12.06.16 ble Alfred Timenes Fauske og Lydia Timenes Fauske døpt i Lillehammer kirke. Foreldra er Nils Fauske og Kari-anne Timenes Mathiesen. Faddere til Alfred er Aslaug Fauske, Aud Kari Fauske, Øivind Asak og Lars Erik Rasmussen. Faddere til Lydia er Anne Timenes Mathiesen, Hilde Timenes, Bjørn Fauske og Kjerstin Lien. Storesøster er Amanda Timenes Fauske.



Toril S. Kompelien har sendt bilde frå dåpen til barnebarnet Torkel Hauge, som vart døpt i Gjøvik kirke 16. oktober 2016. Foreldra til Torkel er Vilde Strand Kompelien og Per Otto Hauge.

# Gullkonfirmantar



50-årskonfirmantane i Bruflat kyrkje var samla til gudsteneste og festsamvær 18. september 2016, på dagen 50 år etter at dei vart konfirmerte, 18. september 1966.

Foran : Kari Fauske, f. Espeseth, Marianne Lunde, f. Nysveen, Nora Nysveen, Ingrid Stubbene Kleven  
 Bak : Sogneprest Marit Slettum, Øystein Lunde, Gerd Hansebråten, Turid Juvkam  
 f. Bergene, Turid Pedersen f. Bergli, Solveig Stenklev f. Lofthus, Mary Lillesolberg f. Strande, Kari Lundgaard, Else Marie Strande og Torodd Lybeck.

Foto : Ragnhild Fagernæs



Konfirmantbildet frå 18. september 1966. Nokon som kjenner dei att ?



Kine Nybakke og Kurt Thomas Strand Kompelien vart vigde i Bergen 5. august



Simen Saglien Kompelien vart døypt i Bruflat kyrkje 16. oktober 2016. Foreldra er Monika Saglien og Tor Asbjørn Kompelien. Fadrar: Heidi Bratlien, Geir Konstad, Mikael Eriksen, Ester Saglien



50-årskonfirmantane i Nord-Etnedal feira sitt jubileum samstundes med kyrkja sitt 150-årsjubileum 11. september

Frå venstre : Sokneprest Marit Slettum, Lise Torun Nylund f. Bråten, Bjørg Larsen, f. Higdem, Ole Arne Øyen, Torhild Roen f. Tollehaug og biskop Solveig Fiske

Foto : Geir Norling

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Bruflat kyrkje

Simen Saglien Kompelien

16. oktober

### Nord – Etnedal kyrkje

Endre Nicolaysen Bergsbakken

11. september

Live Tollehaug Vikmark

2. oktober

## VIGDE



### Bruflat kyrkje

Øyvind Fagernæs og Marie Bjørnødegård

### Nord – Etnedal kyrkje

Simen Kløkstad Hagen og

Charlotte Theresia Steck Arentz

17. september

Øyvind Vikmark og

Kari Tollehaug Jevne

2. oktober

## DØDE



### Bruflat sokn

Jørgen Saglien

29. august

Knut Engelian

4. november

### Jordfest

2. september

11. november

# Vigsel 20. august i Bruflat kyrkje

Kyrkjeverja vår, Marie Bjørnødegård gifta seg 20. august med sin Øyvind Fagernæs.

Bryllup hadde vore planlagt ei stund, slik det går fram av faksimale frå Oppland Arbeiderblad.

Begge to er svært aktive i ulike samanhengar, og representantar både frå Bruflat musikklag og brannkorpset stilte opp utanfor kyrkja.

Vi gratulerer brudeparet, som også er avbilda saman med dei tre barna sine, Gudbrand, Tord og Ingrid.



Marie Bjørnødegård og Øyvind Fagernæs vart vigde i Bruflat kyrkje 20. august



# Prestens hjørne

Siste året har vore veldig spesielt for meg.

I jula i fjor var eg for sjuk til å gå i kyrkja, men eg hadde ei stille og nydeleg feiring heime i prestegarden, og takka vere gode vener vart det julemat óg.

I januar hadde eg siste cellegiftkuren, og så var det oppattbygging av ein sletin kropp.

Det har vore tøft, men formen steig i takt med vårsol og «oppmuntrande tilrop», sjølv om eg nok syntest det gjekk sakte .. Så har eg vore på tre kontrollar , alle har vore bra, og det er eg takksam for, men ny innsikt i kva «kontrollregimet» inneber, det har eg fått. Takk til dykk som har erfaring med dette, og som har vore gode samtalepartnarar.

For meg har det vore viktig med openheit kring sjukdomen, det har eg hatt god hjelp av.

I Etnedal er vi så privilegerte at vi har ei «kreftgruppe», som legg til rette for trivselstiltak, temakvelder og anna for kreftramma og deira pårørende Gruppa er resultat av ei stor testamentarisk gåve som Etnedal helselag fekk til disposisjon for dette føremålet.

I haust hadde vi ein fantastisk fin tur til Gdansk, vi har hatt interessante temamøte, og før jul er vi invitert til julebord.

Vel blir eg litt fortare sletin enn før, men eg kjem meg stadig, og kanskje får eg også litt meir hår snart. Ei underleg kjensle å fryse på hovudet, men som min gode, gamle ven med «måne» sa med eit smil, no får du prøve korleis vi har det heile tida ...

Det var stort for meg å treffe konfirmantane i april, vanskeleg å sette ord på kva eg følte då.

Takk til ein flott ungdomsflokk, som eg fekk lov til å konfirmere i juni!

I juli starta eg opp att i full stilling, sjølv om det nok hang saman med at eg hadde ( og har) mykje ferie til gode. Men, det har gått bra, no er eg der eg aller helst vil vere, medvandrar for dykk etnedøler i ulike livssituausjonar. Takk for fellesskap, samtaler, gudstenester og elles alle møtepunkt!

Takk óg for all omtanke, alle lys de har tent for meg, helsingar, telefonar, besøk, blommar og lys, fisk og julekaker, sokker, som er strikka til mine vonde tær, sjåfør-opppdrag og vedabering ...

Eg vil framheve helse – og omsorgstenesta i kommunen vår, frå legekantor til fysioterapi og heimete-neste, og så Etnedal taxi, de er eineståande alle saman, tusen takk!

No gler eg meg til advents – og juletida!

Røkelsen på det vesle «kontoralteret» mitt er tent, saman med dei lilla lysa. Basilica-røkelse blir årleg kjøpt

frå St. Olav katolske bokhandel i Oslo, eimen legg seg over førebuingar av ymse slag, eg tenkjer jul, eg luktar jul og skriv på manus ... Julemodus, det er flott, og symbolikk og årlege tradisjonar, det er godt!

Ein av dei fyrste julesangane eg kan hugse, lærte eg på juletreffest på Betel heime i Snertingdal. «Her kommer dine arme små». Eg trudde lenge det handla om armer ... men ser for meg kor høgtidssame vi var då vi sto stille rundt juletreet under siste verset



«Her står vi nå i flokk og rad,  
om deg vårt skjønne hjerteblad,  
og hjelp at vi og alle må  
i himlen for din trone stå.

Etterpå gjekk vi heim, og eg syntest kvart år det kom litt brått på, men ettersom tida har gått har eg skjont at det var eit godt poeng i å ta med seg både gleda og alvoret.

«Velkommen fra din himmesal,  
til denne verdens tåredal,  
hvor man deg intet annet bød,  
enn stall og krybbe, kors og død»

Velkomen Jesus!

«Du kom frå himmelrommet, du kom og vart vår bror,  
du synte oss at kjærleiken gjev livet til vår jord»  
Ragnhild Fagernæs

« Her kommer, Jesus, dine små  
og vil til deg i stallen gå.  
Opplys enhver i sjel og sinn  
å finne veien til deg inn.

Signa, gledeleg julehelg!

Hjarteleg helsing

Marit prest

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

« I begynnelsen var Ordet.  
Ordet var hos Gud, og ordet var Gud.  
Han var i begynnelsen hos Gud.  
Alt er blitt til ved ham,  
Uten ham er ikke noe blitt til.»  
Apostelen Johannes om Jesus,  
Joh. 1, 1-3

## Julekonsertar

N. Etnedal kyrkje  
Torsdag 15. desember kl. 19

Bruflat kyrkje  
Søndag 18. desember kl. 19

Bruflat musikklag, Bruflat sangkor,  
Honning og Rigabalam,  
Adventstankar ved Marit prest

Bruflat kyrkje  
Fredag 23. desember (vesle julæftan) kl. 19  
Birgitte Rosenberg  
Lars Småladen  
Hans Jørgen Fagernæs Lofthus



«I Guds ærend trengte en  
ikke stirre mot jorden»

Kjempen, i Falkberget: Nattens brød

Forsidebilde : Hege Rotnes  
Baksidefoto : Hallgeir Ruud

## JULETREFESTER

**3. Juledag, 27. desember kl. 17**  
Julefest på Bruflat menighetshus  
Juletrengang – leik –  
mat – godteposer  
Juleforteljing  
Arr.: Bruflat sokneråd

**Tysdag 10. januar kl. 18**  
Julefest i N. Etnedal kyrkje  
Juletrengang i kyrkjerommet  
Servering av rakfisk/sylte og lefse  
Julekaker  
Andakt – lysbilder frå Etnedal  
Arr. : Diakoniutvalet



## Obs.! Tidspunkt for gudstenestene julæftan

Kl. 1330 N. Etnedal kyrkje  
Kl. 1530 Bruflat kyrkje

Løysing på juleoppgåve s. 9: Jesus er kongen min

**Torsdag 15. desember –**

Kl. 1900 N. Etnedal kyrkje.  
 Julekonsert med Bruflat musikklag og  
 Bruflat sangkor.  
 Honning og Rigabalsam. Serhiy Bykov og  
 Yulianna Bykova.  
 Adventstankar ved Marit prest

**Søndag 18. desember – 4. søndag i advent**

Kl. 1900 Bruflat kyrkje.  
 Julekonsert med Bruflat musikklag og  
 Bruflat sangkor.  
 Honning og Rigabalsam. Serhiy Bykov og  
 Yulianna Bykova  
 Adventstankar ved Marit prest

**Laurdag 24. desember – juleaftan**

*Preiketektst : Luk. 2, 1-20*

Kl. 1330 N. Etnedal kyrkje. Familiegudsteneste.  
 Takkoffer til Kirkens nødhjelp  
 Vegard Thon og Marit Lund deltek.  
 Kl. 1530 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste.  
 Takkoffer til Kirkens nødhjelp  
 Kl. 1700 Høgtidsringing med kyrkjeklokkene

**Søndag 25. desember – 1. Juledag**

*Preiketektst : Joh. 1, 1-14*

Kl. 1100 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
 Takkoffer til Evangeliesenteret  
 Bruflat sangkor deltek.  
 Nattverd.

**26. desember – 2. juledag**

*Preiketektst : Fil.2, 5-11*

Kl. 1100 Etnedalsheimen. Julegudsteneste.  
 Nattverd.

**Laurdag 31. desember – Nyttårsaftan**

*Preiketektst : Luk. 13,6-9*

Kl. 1600 Bruflat kyrkje. Nyttårgudsteneste

**Søndag 8. januar – Kristi openberringsdag**

*Preiketektst : Matt.2, 2-12*

kl. 1100 Nord-Etnedal kyrkje. Vandregudsteneste,  
 konfirmantane deltek.  
 Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 15. januar – 2. søndag i openberringstida**

*Preiketektst : Matt.3, 13-17*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Gudsteneste med dåp  
 Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 22. Januar – 3. søndag i openberringstida**

*Preiketektst : Joh.2, 1-11*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Tårnagentane.  
 Takkoffer til Det norske bibelselskap

**Søndag 29. januar : Inga gudsteneste****Søndag 5. februar – 4. søndag i openberringstida**

*Preiketektst : 5. søndag i openberringstida*

Kl. 1100 Nord-Etnedal kyrkje. Gudsteneste.  
 Takkoffer til Det norske bibelselskap  
 Nattverd.

**Søndag 12. februar : Hektasamling på Lillehammer, konfirmantar og prest deltek****Søndag 19. februar – Kristi forklarelsesdag**

*Preiketektst : Matt. 17,1-9*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Gudsteneste  
 Takkoffer til Den norske Israelsmisjon  
 Nattverd.

**Søndag 26. februar : Inga gudsteneste****Søndag 5. mars – 1. søndag i fastet**

*Preiketektst : Matt.4, 1-11*

kl. 1900 N. Etnedal kyrkje.  
 Sang- og musikk gudsteneste  
 Takkoffer til Kirkens nødhjelp, fastaksjonen

**Søndag 12. mars – 2. søndag i fastetida**

*Preiketektst : Matt. 15, 21-28*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Skaperverkets dag  
 Takkoffer til Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen  
 Nattverd.

**Søndag 19. mars : Inga gudsteneste****Søndag 26. mars – Maria bodskapsdag**

*Preiketektst : Luk. 1, 26-38*

kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.  
 Takkoffer til Menneskeverd.  
 Nattverd.

**Søndag 2. april : Inga gudsteneste****Tysdag 4. april –**

Kl. 18 Bruflat menighetshus. Fasteaksjonskveld  
 Avslutning – fasteaksjonen 2017

*Atterhald om eventuelle endringar*

*Gudstenestene blir kunngjort kvar torsdag i avisa  
 Valdres*

# Frå jubileumsmarkeringa i Nord-Etnedal kyrkje

